

Allmennkringkastings- rapporten 2024

Delrapport om TV 2

– vurdering av programverksemda og korleis TV 2
oppfylte allmennkringkastingsoppdraget



Innhold

1	Kommersiell allmennkringkasting bidrar til mediemangfaldet	4
1.1	Allmennkringkastingsoppdraget til TV 2.....	4
1.2	Oppsummering av tilsynsresultatet frå 2024.....	6
2	Vurdering av programverksemda til TV 2 i 2024	9
2.1	Allmennkringkastingsoppdraget – eigenproduserte nyheitsprogram.....	9
2.2	Allmennkringkastingsoppdraget – program for barn og unge.....	13
2.3	Allmennkringkastingsoppdraget – norsk film og tv-drama	16
2.4	Allmennkringkastingsoppdraget – distribusjon av allmennkringkastingsinnhaldet	19
2.5	Allmennkringkastingsoppdraget – ansvarleg redaktør.....	21
2.6	Allmennkringkastingsoppdraget – lokalisering av den redaksjonelle verksemda i Bergen .	21
2.7	Dei andre krava til innhaldet i TV 2 Direkte.....	37
2.8	Berekning av årleg kompensasjon og retningslinjer for rekneskapsmessig skilje	49



Allmennkringkastingsoppdraget til TV 2

1 Kommersiell allmennkringkasting bidrar til mediemangfaldet

1.1 Allmennkringkastingsoppdraget til TV 2

Allmennkringkastingsoppdraget er formelt gitt i ein avtale om kommersiell allmennkringkasting mellom TV 2 og den norske staten ved Kultur- og likestillingsdepartementet. Den første femårige avtalen der staten kompenserte TV 2 for nettokostnadane ved å levere kommersiell allmennkringkasting, varte frå 1. januar 2019 til 31. desember 2023. Etter at Stortinget hausten 2022 slutta seg til forslaget om å vidareføre ei ordning med kompensasjon for kommersiell allmennkringkasting, blei ein ny femårig avtale om kommersiell allmennkringkasting på tv kunngjort våren 2023.¹ TV 2 var einaste søkar til avtalen.

30. november 2023 gjekk staten, ved Kultur- og likestillingsdepartementet, og TV 2 inn i ein ny avtale om levering av kommersielle allmennkringkastingstenester, som starta 1. januar 2024 og varer fram til 31. desember 2028. Årets allmennkringkastingsrapport er dermed det første tilsynet med korleis TV 2 oppfyller krava i den nye avtalen.

Hovudlinjene i den føregåande avtalen om kommersiell allmennkringkasting er vidareførte i den nye avtalen. Dette gjeld blant anna krava om at hovudredaksjonen og den sentrale nyheitsredaksjonen til tv-kanalen skal vere lokaliserte i Noreg, minst 100 kilometer utanfor Oslo sentrum. I tillegg stiller den nye avtalen krav om ytterlegare redaksjonelt nærvær seks nye stader i landet, noko som skal styrke nyheitsdekninga frå heile Noreg. TV 2 skal tilby daglege nyheitssendingar og norskspråklege program for barn og unge. Vidare er krava til korleis TV 2 investerer i norsk film og tv-drama, styrkte i den nye avtaleperioden. Den nye avtalen stiller også ei rekke krav til TV 2 om programverksemda og tv-kanalen der allmennkringkastingsinnhaldet blir publisert. Dette er krav som ikkje blir kompenserte økonomisk av staten.

Dei tre mediepolitiske måla for kommersiell allmennkringkasting er å 1) oppretthalde mediemangfaldet, 2) sikre ein reell konkurrent til NRK og 3) sikre riksdekkande nyheitssendingar som blir produserte og sende utanfor Oslo.² Det første målet bygger på at mediemangfald sikrar samfunnet tilgang på truverdig informasjon som tar vare på behova til ulike grupper i samfunnet og er ein avgjerande føresetnad for ytringsfridom og eit velfungerande demokrati. Norskprodusert innhald som reflekterer norsk språk, kultur, identitet og norske samfunnsforhold, er viktig for å oppretthalde mediemangfaldet. Det andre målet er å gi NRK reell konkurranse om produksjon og formidling av allmennkringkastingsinnhald. I lys av den auka konkurransen frå internasjonale aktørar er det

¹ Informasjon om kunngjeringa og den nye avtalen om kommersiell allmennkringkasting frå Kultur- og likestillingsdepartementet er samla her: <https://www.regjeringen.no/no/tema/kultur-idrett-og-frivillighet/film-og-medier/innsiktsartikler/avtale-om-kommersiell-allmennkringkasting-for-perioden-2024-til-2029/id2973551/>

² Meld. St. 14 (2016–2017) Kommersiell allmennkringkasting

vurdert som særleg viktig at publikum har eit reelt riksdekkande alternativ til tilbodet frå NRK og eit breitt tilbod av nyheiter frå ulike samfunnsområde. Det tredje målet handlar om at riksdekkande nyheitssendingar som blir produserte og sende utanfor Oslo, kan bidra til fleire perspektiv i nyheitsdekninga og kan vere eit alternativ til Oslo-dominansen i riksdekkande medium.

Kompensasjonsordninga er innretta i tråd med gruppeunntaket for tenester av allmenn økonomisk betydning,³ som gjeld for årleg støtte opp til 15 millionar euro. Storleiken på kompensasjonen som gjeld frå 2024, har om lag same økonomiske ramme som for perioden 2019–2023.⁴ Staten kompenserer for nettkostnadane knytte til oppdraget med inntil 150 millionar kroner i året i perioden 2024–2028.

Allmennkringkastingsoppdraget TV 2 har for avtaleperioden 2024–2028, går fram av vilkåra som er nedfelte i dei ulike avtaledokumenta. Desse omfattar kunngjeringa av 27. april 2023 om levering av kommersielle allmennkringkastingstenester (**kunngjeringa**), søknaden frå TV 2 av 16. august 2023 med etterfølgande avklaringar og dokumentasjon (**søknaden**), vedtaket av 30. november 2023 (**vedtaket**), avtalen av 30. november 2023 (**avtalen**) og retningslinjene for rekneskapsmessig skilje av 30. november 2023.⁵

Avtalen definerer nærmare kva krav som blir stilte til allmennkringkastingsinnhaldet, til distribusjon og tilgjengeleggjering lineært via TV 2 Play og over internett, til lokalisering av hovudredaksjon og sentral nyheitsredaksjon, og til kvar dei redaksjonelle avgjerdene skal takast. TV 2 får kompensert nettokostnadene som er knytte til desse forpliktingane.

I tillegg skal TV 2 oppfylle ei rekke krav til det samla innhaldstilbodet på hovudkanalen. Desse krava inneber blant anna at programtilbodet skal vere basert på prinsippa for allmennkringkasting, at TV 2 skal tilby program for både breie og smale grupper, at TV 2 skal bruke begge dei offisielle norske målformene, og at programtilbodet skal ha breidde i tema og sjangrar. TV 2 får ikkje kompensert nettokostnadene for inntekter og utgifter knytte til desse såkalla minimumskrava.

Ifølge avtalen skal Medietilsynet utbetale og fastsette storleiken på den endelege kompensasjonen til TV 2. Medietilsynet skal også føre tilsyn med om TV 2 oppfyller forpliktingane i avtalen og har eit rekneskapsmessig skilje mellom allmennkringkastingsverksemda og den andre verksemda.

Dersom TV 2 bryt nokon av krava i allmennkringkastaravtalen, kan Medietilsynet gi sanksjonar etter reglane i kringkastingslova (åtvaring, gebyr eller tvangsmulkt). Ved brott på

³ Kommisjonsbeslutning 20212/21/EU

⁴ Basert på omrekningskursen som gjaldt, indikerte dette ein auke i ramma frå inntil 135 til 150 millionar kroner per år. Ramma vil ligge fast og skal ikkje bli justert årleg for å kompensere for pris- og lønnsvekst, jf. Prop. 1 S (2022–2023) Kultur- og likestillingsdepartementet, del III, kapittel 12 «Mediepolitisk styringssignal 2023–2026 og kommersiell allmennkringkasting».

⁵ Presiseringar og dokumentasjon som er omtalte i vedtaket og avtalen, går ved motstrid før kunngjeringa og søknaden frå TV 2. Retningslinjene er bindande for heile avtaleperioden.

krava som ligg innanfor sjølve allmennkringkastingsoppdraget, skal Medietilsynet uansett redusere kompensasjonen med eit beløp som svarer til utgiftene for dei ikkje-oppfylte krava.

TV 2 skal kvart år gjere greie for aktivitetane relaterte til allmennkringkastingsoppdraget og dei andre krava til programverksemda. TV 2 skal også legge fram årsrekneskap for verksemda og rapport frå ekstern revisor som stadfestar at det ikkje ligg føre kryssubsidiering, og at verksemda som er omfatta av allmennkringkastingsoppdraget, er i samsvar med ordinære marknadsprinsipp.

1.2 Oppsummering av tilsynsresultatet frå 2024

Allmennkringkastingstilsynet viser at TV 2 leverte godt på allmennkringkastingsoppdraget i 2024. Oppdraget omfattar krav om eigenproduserte daglege riksdekkande nyheitsprogram med base i den sentrale nyheitsredaksjonen, norskspråklege program for barn og unge og førstegongsvisningar av norsk film og tv-drama. Det omfattar også krav til distribusjon og tilgjengeleggjering lineært via hovudkanalen TV 2 Direkte og ikkje-lineært via TV 2 Play, krav til lokalisering av hovudredaksjon og sentral nyheitsredaksjon og krav til kvar dei redaksjonelle avgjerdene skal takast. I den nye avtalen har TV 2 også krav om redaksjonelt nærvær fleire stader i landet i tillegg til Bergen og Oslo, som bidrar til nyheitssendingane på hovudkanalen TV 2 Direkte.

Gjennom å oppfylle samfunnsoppdraget som følger av avtalen, bidrar TV 2 til å nå dei mediepolitiske måla for kommersiell allmennkringkasting og til å styrke det norske mediemangfaldet. Avtalen sikrar ein kommersiell allmennkringkastar med sterkt redaksjonelt nærvær og eigen nyheitsproduksjon utanfor hovudstaden og er viktig for å oppretthalde og styrke mediemangfaldet i Noreg. Behovet for truverdige og pålitelege nyheitskjelder som jobbar etter journalistiske prinsipp, er forsterka av ei uroleg tid der den teknologiske utviklinga gjer at det stadig blir enklare å produsere og spreie feil- og desinformasjon. Norske allmennkringkastarar som fremmar norskprodusert innhald som reflekterer norsk språk, kultur og identitet og norske samfunnsforhold, blir samtidig stadig viktigare i ein globalisert strøymemarknad.

Hovudkonklusjonar frå tilsynet for 2024:

- TV 2 oppfylte alle krava innanfor allmennkringkastingsoppdraget på hovudkanalen TV 2 Direkte.
- TV 2 hadde daglege nyheitssendingar frå den sentrale nyheitsredaksjonen i Bergen. Med 146,8 redaksjonelle årsverk og 330 millionar kroner i redaksjonelle kostnader til nyheitssendingane på hovudkanalen TV 2 Direkte oppfyller TV 2 forplikingane med god margin.
- TV 2 oppfylte krava til å sende eit dagleg norskspråkleg tilbod til barn og om å bruke minst 10 millionar kroner årleg på dette tilbodet. I 2024 kostnadsførte TV 2 16,4 millionar kroner til denne typen program.
- TV 2 oppfylte krava om eit norskspråkleg tilbod til unge i alderen frå 13 til 19 år ved å sende minst éin serie med minimum seks episodar årleg og om å bruke minst

5 millionar kroner årleg på dette tilbodet. TV 2 kostnadsførte 7,4 millionar kroner til denne typen program i 2024.

- TV 2 formidla førstegongsvisningar av norsk film og tv-drama og innfridde med god margin kravet om eit årleg gjennomsnitt på 60 millionar kroner til innkjøp av produksjonar.
- TV 2 oppfylte krava om å formidle allmennkringkastingsinnhaldet lineært på hovudkanalen TV 2 Direkte og ikkje-lineært i TV 2 Play. TV 2 oppfylte også kravet om å vere tilgjengeleg i distribusjonsnett som kan bli tatt imot av minst 95 prosent av alle husstandane i Noreg (teknisk dekning).
- TV 2 oppfylte dei to krava til lokalisering av hovudredaksjonen. Bergen er staden der både større og mindre avgjerder om programsamansettinga blir tatt, og majoriteten av dei redaksjonelt tilsette som er engasjerte i verksemda til kanalen, har arbeidsstaden sin ved hovudredaksjonen der.
- TV 2 oppfylte også dei to krava til lokalisering av nyheitsredaksjonen. Majoriteten av dei redaksjonelt tilsette som er engasjerte i nyheitssendingane på hovudkanalen, har arbeidsstaden sin ved den sentrale nyheitsredaksjonen i Bergen, der både større og mindre avgjerder om nyheitene blei tatt. TV 2 oppfylte kravet om at nyheitsredaktøren skal ha arbeidsstaden sin ved den sentrale nyheitsredaksjonen for den delen av stillinga som er knytt til allmennkringkastingsoppdraget.
- TV 2 hadde distriktskontor i dei seks byane Bodø, Hamar, Stavanger, Tromsø, Trondheim og Ålesund og oppfylte det nye kravet om å ha redaksjonelt nærvær i minst seks ulike fylke i tillegg til Vestland og Oslo. Føremålet med kravet er å styrke nyheitsdekninga frå heile landet.
- TV 2 oppfylte alle dei såkalla minimumskrava i allmennkringkastingsavtalen i 2024. TV 2 får ikkje dekt nettokostnadene for å innfri desse krava.
- TV 2 oppfylte kravet om å basere programtilbodet i hovudkanalen på prinsippa for allmennkringkasting, kravet om at profilen i programtilbodet skal vere av allmenn karakter og interesse og kravet om å tilby program for både breie og smale grupper.
- Med 60 prosent norskspråklege program på hovudkanalen oppfylte TV 2 med god margin kravet om at norskspråklege program skal utgjere minst 50 prosent av sendetida. TV 2 hadde ei rekke nynorsktalande nyheitsanker og reporterar i 2024 og oppfylte kravet om å nytte begge dei offisielle målformene.
- TV 2 oppfylte krava om breidde i tema og sjangrar. I 2024 valde TV 2 å dekke dei fem kategoriane samfunns-/informasjonsprogram, sport, dokumentarprogram, underhaldning og natur og vitskap, og alle krava til hyppigheit og omfang er oppfylte. TV 2 hadde også ei breidde i sjangrar, både når det gjeld samansettinga av programkategoriar og innanfor kvar enkelt programkategori.
- TV 2 har etterlevd retningslinjene for rekneskapsmessig skilje i 2024. Resultatet av allmennkringkastingsverksemda var ein netto meirkostnad på 133 millionar kroner inkludert 10 prosent driftsmargin. Det inneber at kompensasjonen for 2024 ligg under det maksimale støttetaket på 150 millionar kroner i avtalen. Etersom full kompensasjon på 150 millionar kroner allereie er utbetalt for 2024, vil Medietilsynet avkorte den overskytande kompensasjonen på den kommande utbetalinga hausten 2025.



Vurdering av programverksemda til TV 2

2 Vurdering av programverksemda til TV 2 i 2024

2.1 Allmennkringkastingsoppdraget – eigenproduserte nyheitsprogram

Avtalen om levering av kommersielle allmennkringkastingstjenester

§ 3-1 **Krav til allmennkringkastingsinnholdet**

Leverandøren skal levere det allmennkringkastingsinnholdet som er beskrevet i leverandørens søknad iht. tildelingskriteriene i kunngjøringsteksten kapittel 8.1, dvs.:

- (1) egenproduserte riksdekkende nyheitsprogrammer med base i den sentrale nyhetsredaksjonen [...]

Jamfør vedtak om tildeling av avtale om kommersiell allmennkringkasting til TV 2 AS punkt 6.2

Egenproduserte daglige riksdekkende nyheitsprogrammer med base i den sentrale nyhetsredaksjonen

Omfang og regelmessighet

TV 2 tilbyr å sende minimum 20 minutter nyheter med base i den sentrale nyhetsredaksjonen (inkludert sportsnyheter) alle dager mellom kl. 17.00 og kl. 24.00. I tillegg vil TV 2 sende minimum 250 minutter per uke med nyhetssendinger fra den sentrale nyhetsredaksjonen, i minimum 40 av årets uker.

Tidsangivelsen er eksklusiv reklamepauser.

Størrelsen på planlagte ressurser

TV 2 vil avsette minimum 250 millioner kroner årlig i direkte redaksjonelle kostnader knyttet til nyhetssendingene på TV 2 Direkte. TV 2 tilbyr å avsette minimum 100 redaksjonelle årsverk knyttet til disse nyhetssendingene.

TV 2 viser til at nyheitsåret 2024 var prega av krig og konflikt, ubalanse i verdsøkonomien og konsekvensar av klimaendringane. Vidare hadde TV 2 ei brei dekning av det amerikanske presidentvalet i 2024, der TV 2 sende fleire dokumentarar i tida opp mot valet og direkte frå Media City i Bergen og den amerikanske ambassaden i Oslo under valnatta, med ekspertar og andre relevante gjester begge stader. TV 2 rapporterer at dei var først blant dei norske medieaktørane med å slå fast kven av presidentkandidatane som vant valet, og at TV 2 over tid har posisjonert seg som ein av dei beste medieaktørane i verda når det gjeld å rapportere om tal frå amerikanske presidentval. TV 2 gjer også greie for eit nyskapande digitalt prosjekt som blei lansert i tilknytning til presidentvalet hausten 2024, der samtaleroboten «KI-Kjetil» svarte på heile 70 000 spørsmål frå publikum den siste veka før valet blei gjennomført i USA. TV 2 fortel at over 42 000 unike brukarar var innom den KI-baserte tenesta, som også formidla oppdaterte valresultat under sjølve valnatta. TV 2 forklarar også at prosjektet gav innsikt i korleis kunstig intelligens kan støtte journalistikken i framtida, og at TV 2 i utforskinga av nye journalistiske metodar legg avgjerande vekt på redaksjonell integritet. I tenesta med KI-avataren følgde både informasjonsvideoar og ei merking av at tenesta var basert på kunstig intelligens.

Det går fram av allmennkringkastarreknescapen at sportsdekninga til TV 2 omfattar både dekninga av store høgdepunkt innafor sporten og undersøkjande journalistikk. I 2024 har TV 2 blant anna sett søkelyset på mental helse blant unge, norske idrettsutøvarar og belyst korleis klimaendringane påverkar vintersporten.

TV 2 gjer greie for at TV 2 Nyhetene dekker heile Noreg, og at lokaliseringa med hovudkontor og sentral nyheitsredaksjon i Bergen gir eit tyngdepunkt med stemmer og perspektiv utanfor hovudstaden. Utanriksavdelinga er også plassert i Bergen. I tillegg har TV 2 ein redaksjon i Oslo og lokalkontor i Stavanger, Trondheim, Ålesund, Bodø, Tromsø og Hamar. Samla sett bidrar lokaliseringa til ei brei og mangfaldig nyheitsdekning. Les meir om lokaliseringskrava i 2.6.



TV 2 dekte det amerikanske valet med relevante gjester og ekspertar. Foto: TV 2

Det går fram av allmennkringkastarrekeskapaen at TV 2 har vidareført satsinga på fleire dagelege nyheitssendingar på TV 2 Direkte. Vidare har TV 2 auka talet på sjårminutt totalt for nyheitskanalen TV 2 Nyheiter og styrkt posisjonen og sjåarandelen til denne tv-kanalen. På nyheitskanalen har om lag 500 ulike paneldeltakarar ifølge TV 2 gjesta *Nyhetskompaniet*, som har formidla og kommentert et breitt spekter av nyheiter. TV 2 gjer greie for at dette nyheitsprogrammet har hatt ein brei representasjon i alder, bakgrunn, utdanning, meningar, kjønn og geografisk tilhørsrel, noko som kombinert med ein høg oppslutning bidrar til eit inkluderande ordskifte.

TV 2 har eit krav i den nye allmennkringkastaravtalen om å tilby minimum 20 minutt nyheiter på hovudkanalen TV 2 Direkte kvar dag mellom kl. 17.00 og 24.00 frå den sentrale nyheitsredaksjonen.⁶ Sendetidsomfanget inkluderer sportsnyheiter og skal vere eksklusiv reklamepausar. TV 2 rapporterer at det i 2024 blei sendt 42,85 minutt nyheiter per dag. Det vil seie at TV 2 leverte langt meir enn kravet til nyheitsminutt i 2024. Nivået er litt under

⁶ Kravet i den førre avtalen var å sende minst 40 minutt nyheiter per dag, og fredag til søndag var kravet 25 minutt nyheiter kvar dag.

leveransen i 2023, da TV 2 i snitt tilbydde 47,1 minutt nyheiter per dag måndag til torsdag og 44,4 minutt i snitt per dag fredag til søndag.

I tillegg skal TV 2 ifølge den nye allmennkringkastaravtalen sende minimum 250 minutt nyheiter per veke i minimum 40 av vekene i året frå den sentrale nyheitsredaksjonen. Dette minuttkravet for minimum 40 av vekene i året inneber at TV 2 får styrkt forpliktingane til formidlinga av nyheiter samanlikna med førre avtaleperiode. Også for dette kravet er tidsomfanget inkludert sportsnyheiter og eksklusiv reklamepausar. Det går fram av søknaden frå TV 2 at nyheitene vil bli sende mellom kl. 07.00 og 24.00. TV 2 rapporterer at det i snitt blei sendt 433 minutt nyheiter per veke i 40 av vekene i året i 2024.

Direkte redaksjonelle kostnader knytte til nyheitssendingane utgjorde 348,6 millionar kroner i 2024, ifølge allmennkringkastarrekneskapen frå TV 2. Kravet om kor store ressursar TV 2 skal legge i eigenproduserte daglege, riksdekkande nyheitsprogram, gjeld direkte redaksjonelle kostnader til nyheitssendingane på hovudkanalen TV 2 Direkte. Følgeleg skal ikkje kostnadene som er relaterte til nyheitskanalen TV 2 Nyheter, inngå i vurderinga av om TV 2 oppfyller dette kravet. Av årsrekneskapen går det fram at dei direkte redaksjonelle kostnadene knytte til nyheitssendingane på hovudkanalen TV 2 Direkte var 330 millionar kroner i 2024. TV 2 ligg med dette godt over kravet om å sette av minimum 250 millionar kroner årleg til desse sendingane.

TV 2 har også forpliktet seg til å ha minimum 100 redaksjonelle årsverk knytte til nyheitssendingane på hovudkanalen TV 2 Direkte. Ifølge allmennkringkastarrekneskapen til TV 2 var det 146,8 redaksjonelle årsverk knytte til nyheitssendingane på hovudkanalen i 2024. Dette er ein reduksjon på i underkant av sju årsverk frå utgangen av 2023, da det var 154 årsverk. Samtidig er TV 2 godt over minimumskravet på 100 redaksjonelle årsverk til nyheiter i 2024.

Konklusjon: Medietilsynet vurderer at TV 2 i 2024 oppfylte krava til omfang og regelmessigheit for eigenproduserte daglege riksdekkande nyheitsprogram med base i den sentrale nyheitsredaksjonen.

Med 146,8 redaksjonelle årsverk knytte til nyheitssendingane på TV 2 Direkte oppfylte TV 2 kravet om å bruke minimum 100 årsverk til dette. TV 2 oppfylte i 2024 med god margin også kravet om å bruke minimum 250 millionar kroner i direkte redaksjonelle kostnader til nyheitssendingane på TV 2 Direkte.



TV 2s program for barn og unge

2.2 Allmennkringkastingsoppdraget – program for barn og unge

Avtalen om levering av kommersielle allmennkringkastingstjenester

§ 3-1 *Krav til allmennkringkastingsinnholdet*

Leverandøren skal levere det allmennkringkastingsinnholdet som er beskrevet i leverandørens søknad iht. tildelingskriteriene i kunngjøringsteksten kapittel 8.1, dvs.:

(2) norskspråklige programmer for hhv. barn og unge

Jamfør vedtak om tildeling av avtale om kommersiell allmennkringkasting til TV 2 AS punkt 6.3

*Norskspråklige programmer for hhv. Barn og unge**

Omfang og regelmessighet

TV 2 vil sende minimum 150 timer barne-tv per år. Programmene vil ifølge TV 2 bli sendt på daglig bases, med unntak for dager hvor sendeforpliktelser eller andre redaksjonelle behov må prioriteres, for eksempel ved store nyhetshendelser.

TV 2 vil levere 10 timer programmer for unge årlig. TV 2 har under søknadsbehandlingen etter anmodning fra departementet presisert at det vil bli sendt minst én serie for unge med minimum 6 episoder årlig. Serien vil bli vist enten vår eller høst, med ukentlige visninger på TV 2 Direkte. TV 2 Play vil kunne ha avvikende publisering, for eksempel tidligere publisering, flere episoder publiseres samtidig mv. Programmene for barn og unge vil være norskspråklige.

Størrelsen på planlagte ressurser

TV 2 vil bruke minimum 10 millioner kroner i året på programmer for barn og 5 millioner på programmer for unge.

*Med barn menes aldersgruppen 0–12 år, med unge menes aldersgruppen 13–19 år.

2.2.1 Norskspråklege program for barn

I den nye allmennkringkastaravtalen har TV 2 forpliktet seg til å styrke tilbudet til barn og skal sende daglege norskspråklege program for barn. Totalt omfang skal vere på minimum 150 timar per år, og TV 2 skal bruke minst 10 millionar kroner årleg på program for barn.⁷ Dei økonomiske ressursane er knytte til kostnader for innkjøp av eksterne produksjonar.

TV 2 gjer greie for ei utvida satsing på tilbudet til barn i 2024 med nye program og sesongar av kjende seriar. Barnetilbodet består både av norske produksjonar og innkjøpte seriar som er dubba. Dei norske produksjonane til TV 2 blir laga i samarbeid med Nordisk Film og dotterselskapet deira, Drive Studios, som har spisskompetanse på innhald for dei minste barna. Til saman gir dette TV 2 ein omfattande katalog med både eigenproduserte og originale seriar og eit variert utval av populære animasjonsseriar.

I 2024 viste TV 2 blant anna den nye serien *Se kva jeg kan*, som følgde barn på ulike idrettsaktivitetar som BMX, turning, skateboard, stuping, karate og kunstløp. Vidare framhevar TV 2 nye episodar av *Oiii-gården* der barna blei inviterte inn i gardslivet til ein ny

⁷ Krava i den førre avtalen var norskspråklege program for barn på laurdagar og søndagar kvar veke og i høgtider, med eit totalt omfang på minimum 72 timar per år og minst 5 millionar kroner årleg.

familie, og programserien *Med dyrlegen på jobb* der barn fekk vere med veterinærar når dei behandla ulike dyr frå slangar til hundar.

TV 2 hadde 247,5 timar med barneprogram i 2024. Dette er ein stor auke frå 119,4 timar i 2023 og 97 timar i 2022. Det er brukt totalt 16,4 millionar kroner i 2024, om lag på same nivå som 16 millionar kroner i 2023 og ein auke frå 13,3 millionar kroner i 2022.

Konklusjon: Medietilsynet vurderer at TV 2 i 2024 oppfylte kravet om å tilby norskspråkleg barne-tv dagleg. Basert på utgreiinga til TV 2 legg Medietilsynet til grunn at tilbodet er retta mot dei minste barna i alderen 0 til 12 år. TV 2 oppfylte vidare med svært god margin kravet om at tilbodet skal ha eit omfang på minimum totalt 150 timar årleg. Med 16,4 millionar kroner til norskspråklege program for barn i 2024 er også kravet om å bruke minimum 10 millionar kroner på dette programområdet oppfylt.

2.2.2 Norskspråklege program for unge

TV 2 har i søknaden forplikta seg til å tilby 10 timar norskspråklege program for unge og til at tilbodet skal inkludere minst éin serie med minimum seks episodar årleg.⁸ TV 2 skal bruke minst 5 millionar kroner årleg på program for unge.

TV 2 sende 35 nye episodar av serien *Victor, Chris og Rob gamer* i 2024. Serien tar ifølge TV 2 publikum med inn i ulike spillunivers, og i den fjerde sesongen av serien fortel dei tre hovudpersonane historier og underheld sjåarane ved hjelp av forskjellige typar spel.

TV 2 sende 17,5 timar med norskspråklege program for unge på hovudkanalen TV 2 Direkte i 2024. Timeomfanget er litt lågare enn i 2023 (20,7 timar). Kostnaden blir rapportert å vere 7,4 millionar kroner, som er over minstenivået på 5 millionar kroner.

Konklusjon: Medietilsynet vurderer at TV 2 i 2024 med 17,5 timar norskspråklege program for unge fordelt på ein serie med godt over seks episodar, hadde eit omfang i tilbodet som er i tråd med kravet. Ut frå utgreiinga til TV 2 legg Medietilsynet til grunn at tilbodet er retta mot unge i alderen frå 13 til 19 år. Med 7,4 millionar kroner er også kravet om å bruke minimum 5 millionar kroner på dette programområdet oppfylt.

⁸ Den førre avtalen stilte krav om at TV 2 skulle levere minimum 20 timar norskspråklege program for unge, fordelt gjennom året med månadlege program i minst ni av tolv månader,



Norsk film og drama på TV 2

2.3 Allmennkringkastingsoppdraget – norsk film og tv-drama

Avtalen om levering av kommersielle allmennkringkastingstjenester

§ 3-1 *Krav til allmennkringkastingsinnholdet*

Leverandøren skal levere det allmennkringkastingsinnholdet som er beskrevet i leverandørens søknad iht. tildelingskriteriene i kunngjøringsteksten kapittel 8.1, dvs.:

(3) førstegangsvisninger av norsk film og tv-drama

Jamfør vedtak om tildeling av avtale om kommersiell allmennkringkasting til TV 2 AS punkt 6.4

Førstegangsvisninger av norsk film og tv-drama

Omfang og regelmessighet

TV 2 vil investere minimum 300 millioner kroner i avtaleperioden, et gjennomsnitt på 60 millioner kroner årlig.

TV 2 har i den nye avtalen forpliktet seg til å investere minimum 300 millioner kroner i avtaleperioden med ei gjennomsnittleg investering på 60 millioner kroner per år. Dette er ein auke frå lovnaden om totalt 250 millioner kroner i den førre avtaleperioden. Norsk film og tv-drama skal ifølge kunngjøringa ha originalskrivne manus på norsk eller samisk og/eller ha eit hovudtema som er knytt til norsk historie, kultur eller samfunnsforhold. Det er lagt til grunn at kravet om førstegangsvisningar gjeld lineær-tv, og at det ikkje er til hinder for at TV 2 i publiseringsstrategien kan legge opp til å sende dramaseriar på eigne strøymetenester først.

Den uttalte ambisjonen til TV 2 er å formidle historier som går tett på norsk verkelegheit, og som får publikum til å reflektere, og som set kjenslemessige spor hos sjåarane. TV 2 forklarar at målet er å formidle gode fiksjonsforteljingar på tvers av fleire sjangrar som humor, krim, spenning, moderne relasjonsdrama, historisk drama og drama basert på faktiske hendingar. Vidare viser TV 2 til at framhevinga av norsk film og drama på TV 2 Play bidrar til å skilje TV 2 som norsk allmennkringkastar frå globale strøymetenester.

Som på programområdet for barn og unge, skjer produksjonen hos eksterne produksjonsselskap. Nivået på ressursbruken blir rekna ut frå årlege kostnadsførte ressursar til originalproduksjon eller innkjøp av ferdig produsert norsk film og tv-drama. I tråd med rekneskapsprinsippa til TV 2 blir ikkje investeringa kostnadsført før programmet er sendt, sjølv om ein stor del av investeringa blir gjort på produksjonsstadiet. Investeringar kjem dermed ikkje fram i resultatrekneskapan i rekneskapsrapporten. Gjennom den førre avtaleperioden har TV 2 presentert kostnadstal i årsrekneskapan som dokumentasjon for at forpliktinga er oppfylt.⁹

⁹ BDO har i rapporten *Gjennomgang av rapportering fra TV 2 for Medietilsynet* av 18. juni 2025 vist til dei to omgrepa «investering» og «kostnad», som begge er nytta i avtaleverket, og peiker på at investeringar i rekneskapsmessig forstand ikkje kjem fram i eit resultatrekneskap. BDO viser til at tv-produksjonar har eit visst preg av å vere ferskvare, og at kanalen kostnadsfører det vesentlege av produksjonskostnaden ved førstegangsvisning. Med dei kostnadsføringane TV 2 har på dette området konkluderer BDO med at det etter alt å døme er ei tilsvarande investering innanfor avtaleperioden.

Blant dramaseriane som blir framheva av TV 2 i 2024, er *Quisling*, som fortel historia til Vidkun Quisling etter at Tyskland kapitulerte i mai 1945 og han blei avretta etter å ha blitt dømt for landsforræderi. TV 2 gjer greie for at serien er basert på dagboksnotata til presten Peder Olsen, som var sjelesørgaren til Quisling dei siste dagane fram mot rettssaka og avrettinga, og at serien også omfattar perspektivet til Maria Quisling. Serien *Quisling* er produsert av produksjonsselskapet Paradox for TV 2 og er regissert av Erik Poppe. Dramaserien *Kids in Crime* skildrar eit ungdomsmiljø i Østfold prega av kriminalitet, rus og vald på 1990- og 2000-talet. Sesong 2 av serien følgde karakteren Monica, som er av romanislekt på morssida, og som slit med rus. Serien er produsert av Einar Film og regissert av Kenneth Karlstad. TV 2 sende også krimkomedien *Purk*, om ein kvinneleg politietterforskar som blir degradert og send på tvungen samtaleterapi for sinnemeistring. Serien er produsert av The Oslo Compani saman med hovudrolleinnehavaren Ine Jansen. Humordramaserien *Evig singel* følgde seks ufrivillig single i jakta på ein livspartnar. Serien er produsert av Seefood TV. TV 2 viser til at *Evig Singel* er den mest sette dramaserien med eit snitt på 789 000 sjåarar i 2024.

Dei direkte redaksjonelle produksjonskostnadene/visningskostnadene for norsk film og tv-drama var ifølge TV 2 på 83,6 millionar kroner i 2024. Investeringa i 2024 er godt over kravet om ei gjennomsnittleg investering på 60 millionar kroner per år. Etersom forpliktinga på minst 300 millionar kroner gjeld for heile avtaleperioden under eitt, må den endelege vurderinga gjerast i tilknytning til tilsynet med verksemda i 2028, som er det siste året av den inneverande kommersielle allmennkringkastaravtalen.

Konklusjon: Medietilsynet vurderer at TV 2 i 2024 oppfylte kravet om å formidle førstegongsvisningar av norsk film og tv-drama. Med 83,6 millionar kroner i direkte redaksjonelle produksjonskostnader oppfylte TV 2 også kravet til årleg gjennomsnitt på 60 millionar kroner for kostnader til innkjøp av produksjonar.



Distribusjon av allmennkringkastingsinnhaldet til TV 2

2.4 Allmennkringkastingsoppdraget – distribusjon av allmennkringkastingsinnholdet

Avtalen om levering av kommersielle allmennkringkastingstjenester

§ 3-2 *Krav til distribusjon*

Leverandøren skal gjøre allmennkringkastingsinnholdet definert i § 3-1 tilgjengelig lineært og ikke-lineært:

(1) Allmennkringkastingsinnholdet som formidles lineært via fjernsyn skal formidles på TV 2 Direkte. Kanalen skal kunne tas imot av minst 95 pst. av alle husstander i Norge.

(2) Allmennkringkastingsinnholdet som formidles ikke-lineært, skal gjøres tilgjengelig i TV 2 Play. Tjenesten skal være tilgjengelig på Internett.

TV 2 har forpliktet seg til å formidle allmennkringkastingsinnholdet som blir formidlet lineært via fjernsyn, på TV 2 Direkte. Minst 95 prosent av husstandene i Norge skal kunne ta imot kanalen. Det er presisert i kunngjøringa og avtalen at kravet gjeld teknisk dekning.

TV 2 opplyser at allmennkringkastingsinnholdet blir sendt på hovedkanalen TV 2 Direkte. Vidare gjør TV 2 greie for at TV 2 Direkte har vore tilgjengeleg som ein del av grunntilbodet hos alle tv-distributørar i den norske marknaden, inkludert satellitt- og bakkenettplattformene til RiksTV og Allente, som ifølge TV 2 dekker over 95 prosent av norske husstandar.

TV 2 har på førespurnad frå Medietilsynet bekrefta at alt innhald på TV 2 Direkte også er tilgjengeleg i grunntilbodet i TV 2 Play, både som lineærkanal og enkeltprogram (direkte og ikkje-lineært). TV 2 Play er tilgjengeleg via internett for alle med normal breibanddekning. Vidare opplyser TV 2 at TV 2 Play var tilgjengeleg via alle dei store tv-distributørane i 2024.

Konklusjon: Medietilsynet vurderer at TV 2 i 2024 oppfylte kravet om å formidle allmennkringkastingsinnholdet lineært på TV 2 Direkte. TV 2 oppfylte også kravet om å vere tilgjengeleg i distribusjonsnett som kan bli tatt imot av minst 95 prosent av alle husstandene i Norge (teknisk dekning), og TV 2 Direkte var i 2024 tilgjengeleg som ein del av grunntilbodet hos alle tv-distributørane i den norske marknaden.

Medietilsynet vurderer at TV 2 i 2024 oppfylte kravet om å gjere allmennkringkastingsinnholdet, som blir formidlet lineært, tilgjengeleg i TV 2 Play og kravet om at denne tenesta skal vere tilgjengeleg på internett.



Ansvarleg redaktør og lokalisering
av redaksjonell verksemd i TV 2

2.5 Allmennkringkastingsoppdraget – ansvarleg redaktør

Avtalen om levering av kommersielle allmennkringkastingstjenester
§ 3-3 Krav til lokalisering og redaksjonelle avgjørelser

TV-kanalen hvor allmennkringkastingsinnholdet gjøres tilgjengelig, jf. § 3-2 (1), skal oppfylle følgende krav til lokalisering og redaksjonelle avgjørelser:

(1) TV-kanalen må ha en ansvarlig redaktør som svarer til bestemmelsene i Redaktørplakaten*

* <http://www.nored.no/Redaktoerplakaten/Redaktoerplakaten>

Olav T. Sandnes er øvste leiar og ansvarleg redaktør i TV 2 og svarer til føresegnene i Redaktørplakaten. Sandnes er medlem og styremedlem i Norsk Redaktørforening. TV 2 er også medlem i Norsk Presseforbund og har slutta seg til Ver Varsam-plakaten.

Konklusjon: Medietilsynet vurderer at TV 2 i 2024 oppfylte kravet om at tv-kanalen må ha ein ansvarleg redaktør som svarer til føresegnene i Redaktørplakaten.

2.6 Allmennkringkastingsoppdraget – lokalisering av den redaksjonelle verksemda i Bergen

Dei mediepolitiske måla med kommersiell allmennkringkasting er å halde mediemangfaldet ved lag, sikre ein reell konkurrent til NRK og sikre at det blir produsert og sendt riksdekkande nyheitssendingar utanfor Oslo. I Noreg har mange nyheitsmedium med eit nasjonalt nedslagsfelt redaksjon i Oslo, noko som kan føre til at saker av nasjonal interesse blir presenterte med stor grad av sentraliserte perspektiv og vinklingar. Kravet om lokalisering for TV 2, med redaksjonelt nærvær og nyheitsverksemd utanfor Oslo, sikrar geografisk spreining av redaksjonelle kontor og bidrar til ei breidde i utval av tema, vinklingar og formidling. I eit mediemangfaldsperspektiv er det derfor viktig med konkurranse mellom nyheits- og aktualitetsmedium om å sette dagsorden med ulike perspektiv, vinklingar og saker.

TV 2 har forplikta seg til at hovudredaksjonen og den sentrale nyheitsredaksjonen skal ligge i Bergen. I allmennkringkastaravtalen er det stilt ei rekke ulike krav til å sikre at det redaksjonelle nærværet og verksemda til TV 2 er i Bergen – både gjennom eigne spesifikke krav til organiseringa av redaksjonelle avgjerder og til lokaliseringa av den redaksjonelle arbeidsstaden til medarbeidarane i hovudredaksjonen og i den sentrale nyheitsredaksjonen. Det er også eit krav at nyheitsredaktøren skal ha arbeidsstaden sin i den sentrale nyheitsredaksjonen.

Eit nytt krav i avtalen som tredde i kraft 1. januar 2024, er at TV 2 skal ha redaksjonelt tilsette engasjerte i nyheitssendingane med arbeidsstad på minst seks ulike stader i distrikta. Det er presisert at dette inneber at arbeidsstadene for desse redaksjonelle medarbeidarane skal vere spreidde i seks ulike fylke utanfor Bergen, der hovudredaksjonen og den sentrale nyheitsredaksjonen ligg, og utanfor Oslo kommune. Vidare er det presisert at TV 2 skal ha minst éin fast heiltidstilsett redaksjonell medarbeidar per stad.

I vedtaket som er ein del av allmennkringkastaravtalen, er det presisert at krava til lokalisering blant anna inneber at Medietilsynet skal føre årleg tilsyn med om TV 2 oppfyller lokaliseringskravet slik det går fram av kunngjeringa. Det går også fram av vedtaket at Medietilsynet skal legge til grunn ei skjønsmessig heilskapsvurdering av om lokaliseringskravet er oppfylt, jf. vedtaket punkt 5.2.

Konklusjon: Medietilsynet vurderer at TV 2 i 2024 oppfylte krava til lokalisering i Bergen. TV 2 har lagt hovudredaksjonen til Bergen, noko som tilfredsstillar kravet om at hovudredaksjonen skal vere lokalisert minst 100 kilometer utanfor Oslo sentrum. To vilkår skal vere oppfylte for hovudredaksjonen. Medietilsynet vurderer både at TV 2 har tatt majoriteten av dei redaksjonelle avgjerdene om programsamansettinga til hovudkanalen i Bergen, og at majoriteten av dei redaksjonelt tilsette som er engasjerte i verksemda til kanalen, har arbeidsstaden sin i Bergen. Den nærmare vurderinga går fram av punkt 2.6.1 og 2.6.2.

TV 2 har lagt den sentrale nyheitsredaksjonen til Bergen, noko som tilfredsstillar kravet om at den sentrale nyheitsredaksjonen skal vere lokalisert minst 100 kilometer utanfor Oslo. Som for hovudredaksjonen må to vilkår vere oppfylte. Medietilsynet vurderer at TV 2 både har tatt majoriteten av dei redaksjonelle avgjerdene om nyheitssendingane i den sentrale nyheitsredaksjonen, og at majoriteten av dei redaksjonelt tilsette som er engasjerte i nyheitssendingane, har arbeidsstad i Bergen. Den nærmare vurderinga går fram av punkt 2.6.3 og 2.6.4.

TV 2 har i 2024 oppfylt det nye kravet om å ha redaksjonelt tilsette som er engasjerte i nyheitssendingane med arbeidsstad på minst seks ulike stader i distrikta, sjå nærmare om vurderinga i punkt 2.6.5.

Medietilsynet vurderer at TV 2 i 2024 oppfylte kravet om at nyheitsredaktøren skal ha arbeidsstaden sin ved den sentrale nyheitsredaksjonen for den delen av stillinga som er knytt til allmennkringkastingsoppdraget, og den nærmare vurderinga går fram av punkt 2.6.6.

2.6.1 Allmennkringkastingsoppdraget – redaksjonelle avgjerder ved hovudkontoret

Avtalen om levering av kommersielle allmennkringkastingstjenester

§ 3-3 *Krav til lokalisering og redaksjonelle avgjørelser*

TV-kanalen hvor allmennkringkastingsinnholdet gjøres tilgjengelig, jf. § 3-2 (1), skal oppfylle følgende krav til lokalisering og redaksjonelle avgjørelser: [...]

(2) TV-kanalens hovedredaksjon skal være lokalisert i Norge, minst 100 km utenfor Oslo sentrum.

Med TV-kanalens hovedredaksjon menes:

- stedet der majoriteten av TV-kanalens redaksjonelle beslutninger om programsammensetningen tas [...]

Jamfør vedtaket punkt 5.2 som presiserer lokaliseringskravene:

Ifølge Kunngjøringen punkt 5.3 gjelder følgende kumulative krav til lokalisering:

1. TV-kanalens hovedredaksjon skal være lokalisert i Norge, minst 100 km utenfor Oslo sentrum. Med TV-kanalens hovedredaksjon menes:

- stedet der majoriteten av TV-kanalens redaksjonelle beslutninger om programsammensetningen tas [...]

Departementet har videre i punkt 5.2 fjerde ledd forutsatt at kravene til TV 2s hovedredaksjon og nyhetsredaksjon praktiseres som i tidligere avtale, og viser i denne forbindelse til presiseringene i Vedtak om tildeling av avtale om kommersiell allmennkringkasting til TV 2 AS av 26. september 2018 pkt. 4.3.2 [...], som lyder som følger:

4.3.2. *Krav til TV 2s hovedredaksjon*

TV 2 må årlig dokumentere at majoriteten av de redaksjonelle beslutningene om programsammensetningen tas i hovedredaksjonen, ved eksempelvis å dokumentere hvordan det redaksjonelle arbeidet organiseres og hvor avgjørelsene tas. Med redaksjonelle beslutninger menes både større beslutninger om sendeskjema, satsinger, innkjøp av programmer mv., og mindre (løpende) beslutninger om avvikling, sendetidspunkt, publisering mv. Majoriteten av både slike større og mindre beslutninger må tas ved TV 2s hovedredaksjon.

TV 2 gjer greie for at hovudredaksjonen ligg i Bergen og at dei redaksjonelle avgjerdene om programsamansettinga blir tatt der. TV 2 beskriv at redaktørmøta som vedtar redaksjonell profil og strategi og treffer overordna redaksjonelle avgjerder, blir haldne i lokala til TV 2 i Media City i Bergen. I desse møta deltar sjefredaktør Olav T. Sandnes og redaktørgruppa, som består av nyheitsredaktør, sportsredaktør, programdirektør og direktør for innhaldsproduksjon. Gjennom 2024 har TV 2 halde alle redaktørmøta ved hovudredaksjonen i Bergen.

Presiseringa frå den førre avtalen er vidareført i den nye avtalen og legg til grunn at redaksjonelle avgjerder betyr «både større beslutninger og sendeskjema, satsinger, innkjøp av programmer mv. og mindre (løpende) beslutninger om avvikling, sendetidspunkt, publisering mv.», jamfør det førre vedtaket punkt 4.3.2. TV 2 stadfestar at utgreiinga om organiseringa av den redaksjonelle verksemda i søknaden framleis er dekkande. TV 2 har også tidlegare forklart at større avgjerder om endringar i sendeskjema, profil, nye satsingar og innkjøp av program, blir tatt i redaktørmøtet i Bergen. Nyheitsredaktøren er ansvarleg for all produksjon av nyheiter og aktualitetar utanfor sportsområdet. Sportsredaktøren er ansvarleg for produksjonen av sportsnyheiter og andre sportsprogram. Programredaktøren har både redaksjonelt og operasjonelt ansvar for eksterne produksjonar, som utgjer ein stor del av sendeflata på hovudkanalen.

Samla viser utgreiinga at majoriteten av redaksjonelle avgjerder for hovudkanalen blir tatt i hovudredaksjonen i Bergen.



Olav T. Sandnes er sjefsredaktør i TV 2. Foto: Eivind Senneset / TV 2

Konklusjon: TV 2 har lagt hovudredaksjonen i Bergen, noko som tilfredsstillar kravet om at hovudredaksjonen skal vere lokalisert minst 100 kilometer utanfor Oslo sentrum. Kravet om hovudredaksjon blir ifølgje avtalen delvis oppfylt ved at Bergen er staden der majoriteten av dei redaksjonelle avgjerdene til TV 2 blir tatt. TV 2 har gjort greie for korleis det redaksjonelle arbeidet er organisert, og kvar dei redaksjonelle avgjerdene blir tatt.

Medietilsynet vurderer at TV 2 i 2024 oppfylte kravet om at majoriteten av både større og mindre avgjerder om programsamansetninga blir tatt i hovudredaksjonen i Bergen.

2.6.2 Allmennkringkastingsoppdraget – redaksjonelle medarbeidere i hovedredaksjonen

Avtalen om levering av kommersielle allmennkringkastingstjenester

§ 3-3 *Krav til lokalisering og redaksjonelle avgjørelser*

TV-kanalen hvor allmennkringkastingsinnholdet gjøres tilgjengelig, jf. § 3-2 (1), skal oppfylle følgende krav til lokalisering og redaksjonelle avgjørelser: [...]

(2) TV-kanalens hovedredaksjon skal være lokalisert i Norge, minst 100 km utenfor Oslo sentrum. Med TV-kanalens hovedredaksjon menes:

- stedet der majoriteten av TV-kanalens redaksjonelt ansatte engasjert i TV-kanalens virksomhet har sitt arbeidssted [...]

(8) Redaksjonelt ansatte med arbeidssted ved Leverandørens distriktskontorer skal ikke regnes som del av de redaksjonelt ansatte med arbeidssted ved hovedredaksjonen, den sentrale nyhetsredaksjonen eller eventuell redaksjon i Oslo kommune.

(9) Redaksjonelt ansatte som kreves for å tilby allmennkringkastingsinnholdet på TV 2 Play med samme arbeidssted som hovedredaksjon eller den sentrale nyhetsredaksjonen kan inngå i beregningen av redaksjonelt ansatte etter (2) og (5).

Jamfør vedtaket punkt 5.2 som presiserer lokaliseringskravene:

Ifølge Kunngjøringen punkt 5.3 gjelder følgende kumulative krav til lokalisering:

1. TV-kanalens hovedredaksjon skal være lokalisert i Norge, minst 100 km utenfor Oslo sentrum. Med TV-kanalens hovedredaksjon menes: [...]

- stedet der majoriteten av TV-kanalens redaksjonelt ansatte har sitt arbeidssted

Departementet har videre i vedtaket punkt 5.2 fjerde ledd forutsatt at kravene til TV 2s hovedredaksjon og nyhetsredaksjon praktiseres som i tidligere avtale, og viser i denne forbindelse til presiseringene i Vedtak om tildeling av avtale om kommersiell allmennkringkasting til TV 2 AS av 26. september 2018 pkt. 4.3.2 [...], som lyder som følger:

4.3.2. *Krav til TV 2s hovedredaksjon*

[...]

TV 2 må årlig dokumentere hvor mange redaksjonelle årsverk som kreves totalt for å levere hovedkanalen. Flere enn halvparten av disse årsverkene skal ha hovedredaksjonen som sitt arbeidssted. Arbeidssted skal dokumenteres gjennom objektiv informasjon, f.eks. ved arbeidskontrakt, stillingsbeskrivelse eller annen dekkende informasjon. TV 2 må også årlig legge fram et oppdatert organisasjonskart for Medietilsynet, og vise hvor de redaksjonelt ansatte kan gjenfinnes i organisasjonskartet.

Videre fremgår det følgende av vedtaket punkt 5.2 fjerde og femte ledd at:

[...] Dette innebærer blant annet at TV 2 vurderer konkret funksjonsområde, stillingsbeskrivelse, ansvarsområde og faktiske arbeidsoppgaver i klarleggingen av hvilke ansatte som kan regnes som redaksjonelle. Videre at dette dokumenteres med oppdatert organisasjonskart med spesifisering av hvilke avdelinger som er inkludert som redaksjonelle årsverk og oversikt over ansatte som er identifisert som redaksjonelle medarbeidere, med årsverk og tilhørighet til avdeling og kontorer. Departementet understreker at Medietilsynet vil føre årlig tilsyn med om TV 2 oppfyller lokaliseringskravet. Medietilsynet vil legge til grunn en skjønnsmessig helhetsvurdering for oppfyllelsen av lokaliseringskravet.

Punktet om at «redaksjonelt ansatte som kreves for å tilby allmennkringkastingsinnholdet på den navngitte audiovisuelle bestillingstjenesten [...] kan regnes som del av de redaksjonelt ansatte ved hovedredaksjonen og den sentrale nyhetsredaksjonen» er nytt sammenlignet med gjeldende avtale. Departementet presiserer at «redaksjonelt ansatte» i denne kontekst skal forstås, avgrenses og dokumenteres på samme måte som for øvrige redaksjonelle medarbeidere. TV 2 har opplyst at for å tilby allmennkringkastingsinnholdet på den audiovisuelle bestillingstjenesten er det som utgangspunkt følgende redaksjonelle stillinger som er aktuelle: «Redaksjonssjef TV 2» og «Innholdskuratorer TV 2 Play». TV 2 må i det årlige tilsynet kunne dokumentere hvor stor andel av disse redaksjonelle stillingene som er nødvendig for «å tilby allmennkringkastingsinnholdet på TV 2 Play».

Ifølge lokaliseringskravet må TV 2 årleg dokumentere kor mange redaksjonelle årsverk som trengst totalt for å levere innhald til hovudkanalen TV 2 Direkte. Kravet om at majoriteten av redaksjonelt tilsette skal ha arbeidsstad ved hovudredaksjonen, krev ei avgrensing av kven som er redaksjonelt tilsett opp mot andre tilsette. TV 2 har lagt til grunn at redaksjonelt tilsette er tilsette som bidrar til eller har innverknad på korleis kanalen eller det redaksjonelle innhaldet er sett saman. Basert på organiseringa ved søknadstidspunktet vil dei redaksjonelle medarbeidarane ifølgje vere knytte til avdelingane innhaldsstrategi, program og publisering, Digital, Sport og Nyhetene, samt underavdelingane Teknologi og innhaldsproduksjon. TV 2 vurderer konkret funksjonsområde, stillingsskildring, ansvarsområde og faktiske arbeidsoppgåver i klargjeringa av kva for tilsette som kan reknast som redaksjonelle.


Redaksjonelle medarbeidarar som ikkje leverer til hovudkanalen og/eller nyheitssendingane på hovudkanalen, blir trekte ut.

Systemet for å identifisere og fordele dei redaksjonelt tilsette som leverer til hovudkanalen, ligg til grunn for rapporteringa frå TV 2 av talet på redaksjonelle medarbeidarar i malen som Medietilsynet har utarbeidd for å rapportere det rekneskapsmessige skiljet. Medietilsynet har i tillegg fått eit oppdatert organisasjonskart frå 2024 med spesifisering over kva avdelingar som er inkluderte som redaksjonelle årsverk. TV 2 har også lagt fram full oversikt over tilsette som er identifiserte som redaksjonelle medarbeidarar som leverer til hovudkanalen, med årsverk og tilhørrelse til avdeling og kontor (lokalisering).

Rapporteringa frå TV 2 for 2024 viser at det totalt er 216,1 årsverk knytte til hovudkanalen TV 2 Direkte fordelt med 111,1 årsverk i Bergen og 105 årsverk på andre kontor. Oversikta viser at 51,4 prosent av dei redaksjonelt tilsette i hovudkanalen har Bergen som arbeidsstad. Figur 1 og 2 viser korleis dei redaksjonelle årsverka fordeler seg mellom dei som har arbeidsstad ved hovudredaksjonen i Bergen, og dei som har arbeidsstad andre stader i landet.




Figur 1 – antal redaksjonelle årsverk ved hovudredaksjonen i Bergen og andre kontor per 31. desember 2024



Kjelde: TV 2

Figur 2 – fordeling mellom dei redaksjonelle årsverka i Bergen og andre kontor per 31. desember 2023



Kjelde: TV 2

I tråd med utgreiinga i søknaden frå TV 2 og presiseringane som er gjorde i allmennkringkastaravtalen, blir følgjande stillingar/område i organisasjonen til TV 2 omfatta av omgrepet redaksjonelle medarbeidarar med relasjon til allmennkringkastingsoppdraget:

- **innhaldsstrategi, program og publisering:** fagsjefar, prosjekteigarar, prosjektutviklarar, talentansvarlege, programleiarar og produksjonssjefar
- **produksjon:** deskmedarbeidarar, fotojournalistar, grafikkreporterar, grafikkutviklarar, grafiske designarar, innhaldskoordinatorar, lydteknikarar, produksjonsleiarar/-sjefar, produsentar, publiserarar, skjemaplanleggarar, sminkørar, studioteknikarar, tekniske leiarar, linjekontroll, TOM – teknisk vaksjef og utspelingsprodusentar.
- **Nyheiter, aktualitet og sport:** utgåvesjefar, redaksjonssjefar, kommentatorar, programleiarar, reporterar, vaksjefar, teamleiarar, videospesialistar og deskmedarbeidarar.
- **Digital:** redaksjonelle oppgåver/roller knytte til publisering av allmennkringkastarinnehald på TV 2 Play, inkludert desking («redaksjonssjef TV 2», «innhaldskuratorar TV 2 Play»).

Frå personalsystemet Agresso har TV 2 gjort eit uttrekk av alle fast tilsette og tilsette i engasjement og tildelt ressursane som går til redaksjonen, hovudkanalen og nyheitsredaksjonen ut frå stillingstittel og avdelings- og prosjekttilhøyrse.

TV 2 har nytta årsaksprinsippet som eit gjennomgåande prinsipp for fordelinga av redaksjonelle medarbeidarar, både mellom allmennkringkastingsverksemda og anna verksemd og mellom lokasjonar. I dette ligg at ressursane er fordelte til den lokasjonen der personen/stillinga høyrer heime, basert på registrert arbeidsstad i Agresso. TV 2 har tidlegare gjort greie for at det vanlegvis er eit samanfall mellom organisatorisk tilhøyrse og fysisk arbeidsstad og kontor. I dei tilfella dette ikkje er klart, har TV 2 nytta eit overvektsprinsipp ved at ressursane er fordelte til det verksemdsområdet der personen/stillinga bruker hovuddelen av arbeidstida si, altså meir enn 50 prosent. Nokre av dei tilsette jobbar berre for hovudkanalen, mens andre inngår i ein turnus som leverer eit visst antal årsverk til hovudkanalen. Dei redaksjonelle medarbeidarane er derfor oppgitte med årsverk frå større enn 0 og opp til 1. TV 2 har opplyst at leiarar med avgjerdsrett innanfor det redaksjonelle området er rekna med, mens administrative stillingar ikkje er medrekna.

Medietilsynet legg til grunn at prinsippa TV 2 har nytta, er eigna til å sikre at det er ein årsakssamanheng mellom dei redaksjonelle ressursane TV 2 nyttar til å levere innhald til hovudkanalen TV 2 Direkte, og allmennkringkastingsoppdraget. Dokumentasjonen TV 2 har lagt fram, bygger på ein gjennomgang gjord av avdelingsleiarar og underredaktørar i TV 2. Dei har gått gjennom oversikta over tilsette i dei respektive einingane sine, og ut frå prinsippa som er skildra ovanfor, har dei dokumentert kor mange redaksjonelle årsverk som blir brukte til å løyse oppgåvene med å levere innhald til hovudkanalen TV 2 Direkte.

Medietilsynet vurderer at oversikta TV 2 har lagt fram, stadfestar at dei redaksjonelt tilsette med arbeidsstad ved distriktskontora til TV 2 ikkje er medrekna i andelen redaksjonelt tilsette ved hovudredaksjonen i Bergen. For området teknologi og TV 2 Play er det særleg spesifisert i vedtaket at TV 2 årleg må dokumentere kor mange årsverk som har dei nemnde

stillingstitlane og løpande gjere greie for at desse er redaksjonelle stillingar. Medietilsynet vurderer at dei stillingane som TV 2 har oppført som redaksjonelle på området teknologi og for å tilby allmennkringkastarinnhaldet på strøymetenesta TV 2 Play, kan bli rekna som redaksjonelle i tråd med presiseringane i allmennkringkastaravtalen.

Lokaliseringskravet skal bli forstått slik at det skal vere oppfylt gjennom heile året. Medietilsynet har derfor også sett nærmare på utviklinga i redaksjonelle årsverk frå utgangen av 2023, som var det siste året for den førre allmennkringkastaravtalen. Undersøkinga viser at talet på redaksjonelle årsverk gjekk ned frå 236,8 årsverk i 2023 til 216,1 årsverk i 2024. Talet på årsverk blei redusert med 12,4 ved hovudkontoret i Bergen og 8,3 årsverk i Oslo eller andre lokasjonar.

Konklusjon: Medietilsynet vurderer at TV 2 i 2024 oppfylte kravet om at majoriteten av dei redaksjonelt tilsette som er engasjerte i verksemda til tv-kanalen, skal ha arbeidsstaden sin ved hovudredaksjonen i Bergen.

2.6.3 Allmennkringkastingsoppdraget – redaksjonelle avgjerder i den sentrale nyheitsredaksjonen

Avtalen om levering av kommersielle allmennkringkastingstjenester § 3-3 *Krav til lokalisering og redaksjonelle avgjørelser*

TV-kanalen hvor allmennkringkastingsinnholdet gjøres tilgjengelig, jf. § 3-2 (1), skal oppfylle følgende krav til lokalisering og redaksjonelle avgjørelser: [...]

(3) TV-kanalens sentrale nyhetsredaksjon skal ligge i Norge, minst 100 km utenfor Oslo sentrum.

(4) Majoriteten av leverandørens redaksjonelle avgjørelser knyttet til nyhetssendingene skal tas i den sentrale nyhetsredaksjonen. [...]

Jamfør vedtaket punkt 5.2 som presiserer lokaliseringskravene:

Ifølge Kunngjøringen punkt 5.3 gjelder følgende kumulative krav til lokalisering: [...]

2. TV-kanalens sentrale nyhetsredaksjon skal ligge i Norge, minst 100 km utenfor Oslo sentrum.

3. Majoriteten av søkerens redaksjonelle avgjørelser knyttet til nyhetssendingene skal tas i den sentrale nyhetsredaksjonen.

Departementet har videre i vedtaket punkt 5.2 fjerde ledd forutsatt at kravene til TV 2s hovedredaksjon og nyhetsredaksjon praktiseres som i tidligere avtale, og viser i denne forbindelse til presiseringene i Vedtak om tildeling av avtale om kommersiell allmennkringkasting til TV 2 AS av 26. september 2018 pkt. [...] og 4.3.3, som lyder som følger:

4.3.3. *Krav til TV 2s sentrale nyhetsredaksjon*

TV 2 må årlig dokumentere at majoriteten av de redaksjonelle avgjørelsene knyttet til nyhetssendingene tas i den sentrale nyhetsredaksjonen, ved f.eks. å dokumentere hvordan det redaksjonelle arbeidet i nyhetssendingene organiseres og hvor avgjørelsene tas. [...]

TV 2 har lagt den sentrale nyheitsredaksjonen til Bergen og uttrykte i søknaden ein klar ambisjon om å oppretthalde den breie satsinga på nyheiter frå Bergen i ny avtaleperiode. I søknaden viste TV 2 også til at nyheitssendingane blir avvikla frå studio i Bergen, at utspelinga skjer i Bergen, og at alle funksjonar knytte til publiseringa er lokaliserte i Bergen. Vidare gjorde TV 2 greie for at dei daglege, løpande redaksjonelle avgjerdene om innhaldet i nyheitssendingane på hovudkanalen blir tatt på desken av vaktsefjar i Bergen. Vaktsefjen for hovudsendingane i Bergen har delegert redaktøransvar på kveldstid.

I allmennkringkastarrekneskapan stadfestar TV 2 utgreiinga i søknaden om at vaksjefane som har delegert redaktøransvar, er til stades i den sentrale nyheitsredaksjonen i Bergen og tar alle løpande redaksjonelle avgjerder om nyheitssendingane på hovudkanalen. TV 2 forklarar at nyheitsredaktøren har arbeidsstad i Bergen for alle oppgåvene knytte til leveransen frå TV 2 Nyheter til hovudkanalen TV 2 Direkte. TV 2 har i tillegg ein nyheitssjef med arbeidsstad ved den sentrale nyheitsredaksjonen i Bergen som har delegert redaktøransvar for den totale nyheitsoperasjonen for alle vaksjefane både i Bergen og i Oslo.

Konklusjon: TV 2 har lagt den sentrale nyheitsredaksjonen til Bergen, noko som tilfredsstillar kravet om at denne redaksjonen skal vere lokalisert minst 100 kilometer utanfor Oslo sentrum. Kravet om ein sentral nyheitsredaksjon blir ifølgje avtalen delvis oppfylt ved at Bergen er staden der majoriteten av dei redaksjonelle avgjerdene om nyheitssendingane til TV 2 blir tatt.

Organiseringa til TV 2 av den redaksjonelle nyheitsverksemda med delegert redaktøransvar tilseier at ein betydeleg del av dei løpande redaksjonelle avgjerdene blir tatt av vaksjefane på desken og nyheitssjefen med arbeidsstad i Bergen. Vidare er det eit sentralt moment at kravet til at nyheitsredaktøren skal vere til stades ved den sentrale nyheitsredaksjonen, er oppfylt. Sjå nærmare om dette i punkt 2.6.6. Medietilsynet vurderer at TV 2 i 2024 oppfylte kravet om at majoriteten av både større og mindre redaksjonelle avgjerder om nyheitene, blei tatt ved den sentrale nyheitsredaksjonen i Bergen.

2.6.4 Allmennkringkastingsoppdraget – redaksjonelle medarbeidarar i den sentrale nyheitsredaksjonen

Ifølgje lokaliseringskravet må TV 2 årleg dokumentere kor mange redaksjonelle årsverk som totalt trengst for å levere nyheitssendingane knytte til allmennkringkastingsoppdraget, og at fleire enn halvparten av desse årsverka har arbeidsstad i den sentrale nyheitsredaksjonen. Det å levere nyheitssendingane i allmennkringkastingsoppdraget utgjer ein stor del av den redaksjonelle verksemda i hovudkanalen til TV 2.

På same måten som for allokeringa av ressursar til redaksjonen i hovudkanalen, har TV 2 tildelt ressursane til den sentrale nyheitsredaksjonen ut frå stillingstittel og avdelings- og prosjekttilhøyrse basert på uttrekk frå personalsystemet (Agresso) over alle tilsette og tilsette i engasjement. Dei redaksjonelle medarbeidarane er oppgitte med årsverk og fordelt i tråd med årsaksprinsippet, som er gjort nærmare greie for i del 2.6.2. Medietilsynet legg til grunn at prinsippa som TV 2 har nytta, er eigna til å sikre at det er ein årsakssamanheng mellom dei redaksjonelle ressursane som TV 2 nyttar til å levere innhald til hovudkanalen og allmennkringkastingsoppdraget. I tråd med retningslinjene for det rekneskapsmessige skiljet har TV 2 laga eit organisatorisk skilje mellom dei aktuelle einingane som leverer til nyheitene innanfor allmennkringkastingsoppdraget.

Systemet for å identifisere og fordele dei redaksjonelt tilsette som leverer til nyheitssendingane knytte til allmennkringkastingsoppdraget, ligg til grunn for rapporteringa TV 2 gjer av talet på redaksjonelle medarbeidarar i malen som Medietilsynet har utarbeidd for å rapportere det rekneskapsmessige skiljet. TV 2 har lagt fram dei rutine og prinsippa




som er nytta for å identifisere desse redaksjonelle årsverka, for Medietilsynet. I tillegg har TV 2 lagt fram eit oppdatert organisasjonskart frå 2024, som gir oversikt over tilsette som er identifiserte som redaksjonelle medarbeidarar som leverer til hovudkanalen og nyheitssendingane knytte til allmennkringkastingsoppdraget – med årsverk og lokalisering.

Rapporteringa frå TV 2 for 2024 viser at det totalt er 146,8 redaksjonelle årsverk knytt til den sentrale nyheitsredaksjonen, fordelt med 83 årsverk i Bergen, 55,8 årsverk ved kontoret i Oslo og 8 årsverk på dei andre kontora. Oversikta viser at 56,5 av dei redaksjonelt tilsette i den sentrale nyheitsredaksjonen har Bergen som arbeidsstad.

Figur 3 og 4 viser korleis dei redaksjonelle årsverka fordeler seg mellom dei som har arbeidsstad ved den sentrale nyheitsredaksjonen i Bergen, og dei som har andre kontor som arbeidsstad.


Figur 3 – antal redaksjonelle årsverk i den sentrale nyheitsredaksjonen i Bergen og andre kontor per 31. desember 2024



*Inkludert eitt redaksjonelt årsverk i kategorien «Aktualitet» som er lokalisert i Oslo.

Kjelde: TV 2

Figur 4 – fordeling mellom dei redaksjonelle årsverka ved den sentrale nyheitsredaksjonen i Bergen og andre kontor per 31. desember 2024



Kjelde: TV 2

Lokaliseringskravet skal vere oppfylt gjennom heile året. Medietilsynet har derfor også sett nærmare på utviklinga i redaksjonelle årsverk frå utgangen av 2023. Som vist i punkt 2.6.3 er det avgrensa omfang av årsverk som er flytta mellom kontora gjennom året. Medietilsynet legg dermed til grunn at TV 2 har oppfylt kravet om å ha majoriteten av dei redaksjonelle medarbeidarane ved den sentrale nyheitsredaksjonen i Bergen heile året.

Konklusjon: Medietilsynet vurderer at TV 2 i 2024 oppfylte krava om at majoriteten av dei redaksjonelt tilsette som er engasjerte i nyheitssendingane, har arbeidsstaden sin i den sentrale nyheitsredaksjonen i Bergen.

2.6.5 Allmennkringkastingsoppdraget – redaksjonelt tilsette ved distriktskontora

Avtalen om levering av kommersielle allmennkringkastingstjenester § 3-3 *Krav til lokalisering og redaksjonelle avgjørelser*

TV-kanalen hvor allmennkringkastingsinnholdet gjøres tilgjengelig, jf. § 3-2 (1), skal oppfylle følgende krav til lokalisering og redaksjonelle avgjørelser: [...]

(7) Leverandøren skal ha redaksjonelt ansatte engasjert i nyhetssendingene med arbeidssted på minst seks ulike steder i distriktene, dvs. i seks ulike fylker utenfor hovedredaksjonen, den sentrale nyhetsredaksjonen og Oslo kommune, med minst én fast heltidsansatt redaksjonell medarbeider per sted.

(8) Redaksjonelt ansatte med arbeidssted ved Leverandørens distriktskontorer skal ikke regnes som en del av de redaksjonelt ansatte med arbeidssted ved hovedredaksjonen, den sentrale nyhetsredaksjonen eller eventuell redaksjon i Oslo kommune.

Jamfør vedtaket punkt 5.2 som presiserer lokaliseringskravene:

6. Leverandøren skal ha redaksjonelt ansatte engasjert i nyhetssendingene med arbeidssted på minst seks ulike steder i distriktene, dvs. i seks ulike fylker utenfor hovedredaksjonen, den sentrale nyhetsredaksjonen og Oslo kommune, med minst én fast heltidsansatt redaksjonell medarbeider per sted.

7. Redaksjonelt ansatte med arbeidssted ved Leverandørens distriktskontorer skal ikke regnes som en del av de redaksjonelt ansatte med arbeidssted ved hovedredaksjonen, den sentrale nyhetsredaksjonen eller eventuell redaksjon i Oslo kommune.

Videre fremgår det følgende av vedtaket punkt 5.2 tredje ledd:

Når det gjelder det nye kravet i kunngjøringen om at leverandøren skal ha redaksjonelt ansatte engasjert i nyhetssendingene med arbeidssted på minst seks ulike steder i distriktene, opplyser TV 2 om at selskapet vil ha minst seks lokalkontor med minimum én fast heltidsansatt redaksjonell medarbeider per sted. [...]

TV 2 har fått eit nytt krav knytt til lokaliseringa av nyheitsredaksjonen i den nye avtalen om kommersiell allmennkringkasting. Kravet inneber i praksis at TV 2 skal ha ytterlegare redaksjonelt nærvær fleire stader i landet med tilsette som bidrar til nyheitssendingane på hovudkanalen TV 2 Direkte, i tillegg til den sentrale nyheitsredaksjonen i Bergen og redaksjonen i Oslo. Føremålet med kravet er å styrke nyheitsdekninga frå heile landet. Den geografiske spreinga av distriktskontora skal fordelast mellom minst seks ulike fylke, og TV 2 har forplikta seg til å ha minst éin fast heiltidstilsett redaksjonell medarbeidar på kvart kontor.

TV 2 hadde i 2024 distriktskontor i Stavanger, i Ålesund, i Trondheim, i Bodø, i Tromsø og på Hamar. Distriktskontorstrukturen til TV 2 hadde dermed ei geografisk spreing i dei seks fylka Rogaland, Møre og Romsdal, Trøndelag, Nordland, Troms og Innlandet. I årsrekneskapen er det dokumentert at TV 2 ved utgangen av 2024 hadde ein heiltidstilsett redaksjonell medarbeidar ved kontoret i Stavanger, i Bodø, i Tromsø og på Hamar. I Ålesund og Tromsø hadde TV 2 to heiltidstilsette redaksjonelle medarbeidarar på kvart av kontora.

Konklusjon: Medietilsynet vurderer at TV 2 i 2024 oppfylte kravet om å ha redaksjonelt tilsette engasjerte i nyheitssendingane med arbeidsstad på minst seks ulike stader i distrikta, det vil seie i seks ulike fylke utanfor hovudredaksjonen, den sentrale nyheitsredaksjonen og Oslo kommune. Kravet til omfanget av redaksjonelle årsverk er også oppfylt.

Rapporteringa frå TV 2 stadfestar dessutan at ingen av dei redaksjonelt tilsette ved distriktskontora til TV 2 er rekna med som ein del av dei redaksjonelt tilsette med arbeidsstad

ved hovudredaksjonen og den sentrale nyheitsredaksjonen i Bergen og heller ikkje som ein del av dei tilsette ved redaksjonen på kontoret i Oslo.

2.6.6 Allmennkringkastingsoppdraget – nyheitsredaktøren

Avtalen om levering av kommersielle allmennkringkastingstjenester **§ 3-3 Krav til lokalisering og redaksjonelle avgjørelser**

TV-kanalen hvor allmennkringkastingsinnholdet gjøres tilgjengelig, jf. § 3-2 (1), skal oppfylle følgende krav til lokalisering og redaksjonelle avgjørelser: [...]

(6) Nyheitsredaktøren skal ha sitt arbeidssted ved den sentrale nyheitsredaksjonen

Jamfør vedtaket punkt 5.2 som presiserer lokaliseringskrava:

5. Nyheitsredaktøren skal ha sitt arbeidssted ved den sentrale nyheitsredaksjonen.

Videre fremgår det av vedtaket punkt 5.2 tredje ledd at:

[...] Når det gjelder kravet i Kunngjøringen om at nyheitsredaktøren skal ha sitt arbeidssted ved den sentrale nyheitsredaksjonen, anser TV 2 at 50 prosent av nyhets- og aktualitetsredaktørens stilling gjelder nyhetene som omfattes av allmennkringkasteroppdraget.

Allmennkringkastaravtalen stiller krav om at nyheitsredaktøren skal ha arbeidsstaden sin ved den sentrale nyheitsredaksjonen. TV 2 har ein felles nyheits- og aktualitetsredaktør for alle kanalane og flatene, inkludert i hovudkanalen TV 2 Direkte, nyheitskanalen TV 2 Nyheter og tv2.no. Det er presisert i avtalen at TV 2 årleg må dokumentere at nyheitsredaktøren har den sentrale nyheitsredaksjonen som arbeidsstaden sin for den delen av stillinga som er knytt til allmennkringkastingsoppdraget. 50 prosent av stillinga til nyheitsredaktøren er ifølge TV 2 knytt til allmennkringkastingsoppdraget, og nyheitsredaktøren pendlar på fast basis mellom Bergen og Oslo.

TV 2 gjer greie for at redaktørmøta med sjefredaktøren og redaktørgruppa blir haldne i Bergen. Nyheitsredaktør Karianne Solbrække er ein del av denne gruppa. TV 2 opplyser at ho har arbeidsstad i Bergen for oppgåvene som gjeld leveransane som TV 2 Nyhetene har til hovudkanalen TV 2 Direkte. Det går fram av allmennkringkastarrekneskaper for 2024 at nyheitsredaktøren har praktisert to arbeidsdagar i Bergen fast kvar veke. Kva vekedag kan variere noko avhengig av møteplanar og andre forhold. Eventuelle avvik på grunn av reiseverksemd eller anna blir utjamna gjennom utvida opphald i tilstøytande veker.

Med to dagar i Bergen kvar veke oppheld nyheitsredaktøren seg i den sentrale nyheitsredaksjonen 80 prosent av den delen av stillinga (50 prosent) som er knytt til allmennkringkastingsoppdraget. Basert på overvektsprinsippet¹⁰ taler dette for at TV 2 oppfyller kravet om at arbeidsstaden til nyheitsredaktøren skal vere ved den sentrale nyheitsredaksjonen i Bergen.



Nyheits- og aktualitetsredaktør Karianne Solbrække. Foto: Eivind Senneset / TV 2

Konklusjon: Medietilsynet vurderer at TV 2 i 2024 oppfylte kravet om at nyheitsredaktøren skal ha arbeidsstaden sin ved den sentrale nyheitsredaksjonen i Bergen for den delen av stillinga som er knytt til allmennkringkastingsoppdraget.

¹⁰ Overvektsprinsippet er nytta i fordelinga til TV 2 av redaksjonelle medarbeidarar, jf. punkt 2.6.2. Ved tolkinga av kvar dei redaksjonelt tilsette har arbeidsstaden sin, er det lagt til grunn eit årsaksprinsipp. Det vil seie at ressursane er fordelte til den lokasjonen der personen/stillinga høyrer heime ut frå registrert arbeidsstad i Agresso. Normalt er det samanfall mellom organisatorisk tilhøyrse og fysisk arbeidsstad og kontor. I dei tilfella der ein medarbeidar også oppheld seg utanfor kontoret eller mellom kontor store delar av arbeidstida si, har TV 2 nytta eit overvektsprinsipp. I det ligg det at ressursane blir rekna til det verksemdsområdet der personen/stillinga bruker hovuddelen av arbeidstida, altså meir enn 50 prosent. Det er stadfesta i tilsynspraksis gjennom den førre avtalen om kommersiell allmennkringkasting for perioden 2019–2023 at desse prinsippa også er relevante i vurderinga av om kravet om arbeidsstaden til nyheitsredaktøren er oppfylt. I tilsynet med TV 2-avtalen har Medietilsynet vist til kunngjeringa og presisert at formålet med lokaliseringskrava i avtalen er å sikre eit sterkt redaksjonelt miljø utanfor Oslo. Det følger av allmennkringkastaravtalen at Medietilsynet skal legge til grunn ei skjønsmessig heilskapsvurdering av om lokaliseringskravet er oppfylt. Ei full utnytting av overvektsprinsippet kan i praksis innebere at nyheitsredaktøren er til stades noko meir enn ein dag i veka (rett i overkant av 50 prosent av stillinga knytt til allmennkringkastingsoppdraget). Dersom TV 2 skulle velje å utnytte overvektsprinsippet fullt ut for nyheitsredaktøren, vurderer Medietilsynet at nærværet i den sentrale nyheitsredaksjonen er såpass lite at det kan få betydning i ei skjønsmessig heilskapsvurdering, der eit moment i vurderinga er om formålet bak lokaliseringskravet blir innfridd.



Innhaldskrav til TV 2s hovudkanal

2.7 Dei andre krava til innhaldet i TV 2 Direkte

Avtalen om levering av kommersielle allmennkringkastingstjenester § 4-3 **Krav til innhaldet i TV-kanalen**

TV-kanalen hvor allmennkringkastingsinnhaldet gjeres tilgjengelig, jf. 3-2 (1), skal oppfylle følgjende innhaldskrav:

- (1) Programtilbudet skal baseres på prinsippene for allmennkringkasting.
- (2) Programtilbudets profil skal være av allmenn karakter og interesse.
- (3) Det skal tilbys programmer for både brede og smale grupper.
- (4) Norskspråklige programmer skal utgjøre minst 50 pst. av sendetiden.
- (5) Begge de offisielle norske målformene skal benyttes.
- (6) Programtilbudet skal ha tematisk bredde på minst fem programkategorier med hyppighet og omfang iht. skjema i vedlegg B til Kunngjøringen. Valget av disse fem kategoriene er ikke forpliktende for hele avtaleperioden, men kun for et kalenderår om gangen. Leverandøren kan i forkant av et nytt kalenderår velge å dekke fem andre programkategorier det kommande året.
- (7) Programtilbudet skal ha sjangermessig bredde, både når det gjelder sammensetningen av programkategorier og sammensetningen innenfor den enkelte programkategori.

TV 2 må også oppfylle ei rekke krav til det samla tilbudet i kanalen TV 2 Direkte, som er kanalen der allmennkringkastingsinnhaldet blir gjort tilgjengeleg. TV 2 får ikkje statleg støtte for å innfri desse krava. I desse såkalla minimumskrava ligg fleire av dei overordna krava som tidlegare er stilte til aktørar som har hatt status som kommersiell allmennkringkastar både på tv og på radio. Desse krava er i all hovudsak vidareførte frå den føregåande avtalen TV 2 hadde med staten i perioden frå 2019 til 2023. Inntektene og utgiftene TV 2 har til å oppfylle desse krava, blir haldne utanfor berekninga av nettokostnader og rimeleg fortjeneste som staten skal kompensere.

Dersom TV 2 bryt nokon av desse krava, kan Medietilsynet sanksjonere mot TV 2 med åtvaring, gebyr eller tvangsmulkt.

2.7.1 Prinsippa for allmennkringkasting


Vurderinga av korleis TV 2 oppfyller kravet om å basere programtilbudet på prinsippa for allmennkringkasting, bygger på ei samla vurdering av korleis TV 2 oppfyller dei andre krava til innhaldstilbudet. TV 2 la i søknaden om å vere kommersiell allmennkringkastar fram ein plan om å vidareføre profilen som er bygd opp sidan oppstarten som allmennkringkastar i 1992, og forplikta seg til å vidareføre eit breitt og variert programtilbod som i den førre allmennkringkastaravtalen. I allmennkringkastarrekeskapen gjer TV 2 greie for at profilen til hovudkanalen gjennom 32 år har vore basert på prinsippa for allmennkringkasting. Sendeskjemaet blir laga slik at det sikrar at sjåarane blir eksponerte for innhald dei normalt ikkje ville oppsøkt av seg sjølv. TV 2 understrekar verdien av at redaktørstyrte medium held fram med å eksponere mediebrukarar for ulikt innhald i ei tid der algoritmar styrer stadig meir av innhaldskonsumet.

TV 2 gjer greie for at den redaksjonelle tilnærminga legg vekt på at innhaldet skal vere viktig og relevant for sjåarane, og at det er eit mål at publikum opplever ein meirverdi i programtilbudet til TV 2. Når historiene TV 2 formidlar, vekker sjåarane og utfordrar dei til å tenke nytt, kjem det ifølge TV 2 av at innhaldet treffer verkelegheita til sjåarane. Innhalds- og

nyheitstilbudet til TV 2 bidrar til å styrke mediemangfaldet i Noreg gjennom at TV 2 innfrir dei krava som er nedfelte i allmennkringkastaravtalen.

Prinsippa for allmennkringkasting handlar om at heile befolkninga er målgruppa, og at TV 2 har eit ansvar for å tilby eit mangfaldig og meningsfullt innhaldstilbod som treffer eit breitt publikum. Samtidig skal allmennkringkastinga vareta smalare publikumsgrupper og temaområde. Programstatistikken for 2024 viser at TV 2 tilbyr stoffområde som ofte blir rekna som smalare innhaldstilbod, men at enkelte av desse har relativt lite omfang. Samanlikna med tidsseriane med programstatistikk for den førre perioden TV 2 hadde eit allmennkringkastingsoppdrag, er profilen i alt vesentleg den same, noko som stadfestar at TV 2 har vidareført ein programprofil som er basert på prinsippa for allmennkringkasting.

Figur 5 – programstatistikk for TV 2 hovudkanalen 2023



Kjelde: TV 2

Programtilbudet på hovudkanalen TV 2 Direkte var prega av stabilitet i førre avtaleperiode,¹¹ og dette trekket kjem også til uttrykk i tilbudet det første året med ny avtale, sjå Tabell 1. I 2024 ligg kategorien «nyheiter og vår» på 579 timar (8,9 prosent), noko som er ei styrking samanlikna med 425 timar og 6,7 prosent i 2023 og 517 timar og 8 prosent i 2022. TV 2 sende 1292 timar (19,5 prosent) «informasjons- og samfunnsstoff» i 2024, om lag på same nivå som dei to føregåande åra. 200 timar (3,1 prosent) med «dokumentar» er også på same nivå som dei to føregåande åra. Tilbudet innanfor desse to kategoriane, «samfunns- og informasjonsstoff» og «dokumentar», har blitt styrkt i løpet av den førre avtaleperioden, da desse kategoriane i 2019 utgjorde høvesvis 1196 timar (18,5 prosent) og 123 timar (1,9

¹¹ Sjå allmennkringkastingsrapportane frå Medietilsynet for perioden 2019–2023, som er tilgjengelege på <https://www.medietilsynet.no/fakta/rapporter/kringkasting/>.



prosent). 1729 timar (26,7 prosent) «drama» i 2024 er ein liten tilbakegang samanlikna med 1948 timar (30,6 prosent) i 2023 og 2125 timar (32,8 prosent) i 2022.

I 2024 blei det sendt 570 timar (8,8 prosent) «sport» på TV 2 Direkte, noko som er ein liten auke frå å ligge rundt 7 prosent frå 2021 til og med 2023. I 2024 blei det sendt 1779 timar «underhaldning» (27,4 prosent), på same nivå som i 2023 med 1790 timar (28,2 prosent) og i 2022 med 1749 timar (27 prosent).

Tilbodet innanfor «natur og vitenskap» er styrkt dei seinare åra, og i 2024 blei det sendt 28 timar slikt stoff i TV 2 Direkte, mot høvesvis 19 og 14 timar i 2023 og 2022. Timetalet er relativt sett så lågt at det ikkje endrar prosentandelen særleg, og i 2024 utgjorde «natur og vitenskap» 0,4 prosent av det samla programtilbodet i kanalen.

Tabell 1 – programstatistikk for TV 2 hovudkanalen 2021, 2022 og 2023 (tal i timar og prosent)

År og timar/prosent	Timar 2022	Prosent 2022	Timar 2023	Prosent 2023	Timar 2024	Prosent 2024
Drama	2 125	32,8 %	1 948	30,6 %	1 729	26,7 %
Underhaldning	1 749	27,0 %	1 790	28,2 %	1 779	27,4 %
Informasjon og samfunnsstoff	1 255	19,4 %	1 329	20,9 %	1 262	19,5 %
Nyheiter og vær	517	8,0 %	425	6,7 %	579	8,9 %
Sport	455	7,0 %	448	7,0 %	570	8,8 %
Barn	97	1,5 %	117	1,8 %	263	4,1 %
Ungdom	27	0,4 %	22	0,3 %	18	0,3 %
Natur og vitenskap	14	0,2 %	19	0,3 %	28	0,4 %
Dokumentar	182	2,8 %	207	3,3 %	200	3,1 %
Anna	57	0,9 %	53	0,8 %	56	0,9 %
Sum	6 477	100 %	6 357	100 %	6 483	100 %

Kjelde: TV 2

Medietilsynet er einig med TV 2 i at ei programlegging i tråd med prinsippa for allmennkringkasting bidrar til å motverke tendensen til at publikum hovudsakleg blir eksponert for tilsvarande type innhald som dei allereie har valt, noko som blir forsterka av individuelt tilpassa medietenester og algoritmestyrt. Allmennkringkastinga er derfor eit viktig mediepolitisk verkemiddel for å sikre eit mangfaldig innhaldstilbod og for å sikre at befolkninga møter ulike perspektiv og stemmer i mediebruken sin. TV 2 bidrar til å styrke det samla innhaldsmangfaldet og nyheitstilbodet i Noreg ved å følge forpliktingane i allmennkringkastaravtalen.

Eit sentralt mål med allmennkringkastingsoppdraget er å styrke norsk kultur, identitet og språk, noko som blir gjort både gjennom eigenprodusert innhald og ved å bruke eksterne produksjonsmiljø i Noreg. Ei styrkt satsing på norsk innhald innanfor alle kategoriar bidrar positivt til å fremme dette målet. Det norske innhaldet er ifølge TV 2 også viktig for å differensiere innhaldet til TV 2 frå dei globale strøymeaktørane. TV 2 gjer greie for fleire journalistiske graveprosjekt i 2024 og viser til at fleire prosjekt har sett dagsorden og skapt debatt. Medietilsynet vurderer at TV 2 har vidareført og på nokre område styrkt profilen som over mange år er utvikla med grunnlag i eit allmennkringkastingsoppdrag. Delvurderingane

av dei andre krava viser at TV 2 samla sett nyttar prinsippa for allmennkringkasting i verksemda si i tråd med avtalen.

Konklusjon: Medietilsynet vurderer at TV 2 i 2024 oppfyllte kravet om å basere programtilbodet i kanalen TV 2 Direkte, som er kanalen der allmennkringkastingsinnhaldet blir gjort tilgjengeleg, på prinsippa for allmennkringkasting.

2.7.2 Profil av allmenn karakter og interesse

Kravet om at hovudkanalen til TV 2 skal ha eit innhald av allmenn karakter og interesse, handlar om å tilby eit mangfaldig og meningsfullt innhald som treffer eit breitt publikum. TV 2 har i søknaden forplikta seg til å vidareføre profilen og eit tilsvarande breitt og variert programtilbod som dei føregåande periodane med eit allmennkringkastingsoppdrag.

TV 2 gjer greie for at det å kombinere løpande nyheitsjournalistikk, gravejournalistikk og store underhaldningsformat skaper store samlingspunkt som gir felles referansar. TV 2 har eit mål om å vere relevant for folk i heile landet og prioriterer derfor innhald og tematikk som er av allmenn interesse. Det går fram av allmennkringkastarreknescapen at det er viktig for TV 2 å oppretthalde posisjonen som ei tydeleg stemme i det offentlege ordskiftet og å vere eit alternativ til NRK. Som allmennkringkastar er TV 2 opptatt av å treffe breitt i befolkninga med dekninga av nyheitsbildet, både med «breaking news», undersøkende journalistikk, dokumentarar og aktualitetsprogram. Innhaldet i TV 2 må spegle ein kvardag folk flest kan kjenne seg igjen i, og TV 2 jobbar med å treffe sjåarane der dei er – med nye stemmer og ulike perspektiv.



I dokumentarserien *Under Guds øye* stadfestar grunnleggaren av Sannhetens ord bibelsenter, Normann Olsen, at kyrkjelyden utvikla seg til ei kontrollerande sekt. Foto: Frank Melhus / TV 2

Allmennkringkastarreknescapen viser at TV 2 har ein programprofil som spanner over nyheiter, aktualitetsprogram, sport, drama og underhaldning, og at denne vekslinga i

program bidrar til å oppfylle kravet om å ha ein profil av allmenn karakter og interesse. I 2024 har TV 2 Nyheter og TV 2 Sport sett dagsorden med viktige nyheitssaker, både i den løpande nyheitsdekninga og i graveprosjekt som har resultert i eigne program utanfor dei ordinære nyheitsprogramma. Dokumentarserien *Under Guds øye* skildra korleis den kristne forsamlinga «Sannhetens Ord Bibelsenter» på Austlandet blei radikaliserert og utvikla seg til ei manipulerande og lukka sekt. TV Sporten kartla i 2024 mental helse i idretten, noko som blant anna har ført til tiltak i norske idrettsorganisasjonar.

TV 2 sende også nye sesongar av *Farmen*, *Kompani Lauritzen* og *Hver gang vi møtes*. Andre eksempel frå programtilbodet i 2024 er *Norge bak fasaden*, som gjennom undersøkjande journalistikk avdekker og skildrar ulike sider ved den norske verkelegheita.

Konklusjon: Medietilsynet vurderer at TV 2 i 2024 oppfylte kravet om at profilen i programtilbodet skal vere av allmenn karakter og interesse.

2.7.3 Program for breie og smale grupper

Kravet handlar om at TV 2 som allmennkringkastar skal veksle mellom programtilbod som i prinsippet er vende mot heile befolkninga, og program som rettar seg mot smalare publikumsgrupper og temaområde. Programstatistikken i Figur 5 viser at TV 2 leverer ein programprofil i hovudkanalen med brei appell. I tråd med det TV 2 har forplikta seg til som kommersiell allmennkringkastar, er mange av dei største programsatsingane retta mot eit breitt publikum. Profilen som TV 2 har hatt som allmennkringkastar i tidlegare år, er i stor grad vidareført i 2024.

TV 2 gjer greie for at det er ei tematisk breidde i programtilbodet på hovudkanalen. Innanfor dei tre hovudkategoriane «nyheiter/aktualitet», «sport» og «underhaldning/drama» tilbyr TV 2 eit samansett programtilbod for både breie og smale sjåargrupper. Dette gjeld også for programkategoriane TV 2 har valt å innfri for å oppfylle det spesifikke kravet om breidde i tema. Sjå punkt 2.7.6 om tematisk breidde.

Medietilsynet legg vekt på at TV 2 oppfyller krava i allmennkringkastingsoppdraget om program for både barn og unge. TV 2 oppfyller også krava til tematisk breidde gjennom å levere innanfor dei fem temaområda samfunns-/informasjonsprogram, dokumentarprogram, underhaldning, sport og natur og vitenskap. Dette betyr at TV 2 også har program innanfor smalare temaområde – for eksempel natur og vitenskap.

Konklusjon: Medietilsynet vurderer at TV 2 i 2024 oppfylte kravet om å tilby program for både breie og smale grupper.

2.7.4 Norskspråklege program

Andelen norskspråklege program på TV 2 Direkte var 60 prosent i 2024, ein auke frå 54 prosent i 2023 og 52 prosent i 2022. Andelen er nå på høgde med 2020 og 2019, da dei var høvesvis 58 og 60 prosent norskspråklege program i hovudkanalen til TV 2. Prosentandelen er berekna ut frå total programtid og utan promotering av desse programma – i tråd med forståinga av kravet til norskspråklege program.

Norsk innhald og norsk språk og kultur er eit konkurransefortrinn og differensierer TV 2 frå dei globale konkurrentane. TV 2 har ein uttalt ambisjon om å vere leiande på norsk innhald, og TV 2 meiner dette blir reflektert i den høge andelen norskspråklege program. Medietilsynet viser til at andelen er viktig for å sikre at kommersiell allmennkringkasting fremmar mediemangfaldet gjennom norskprodusert innhald som reflekterer norsk språk, norsk kultur, norsk identitet og norske samfunnsforhold.

Konklusjon: Medietilsynet vurderer at TV 2 i 2024 oppfylte kravet om at norskspråklege program skal utgjere minst 50 prosent av sendetida.

2.7.5 Bruk av begge dei offisielle målformene

I 2024 har TV 2 hatt ei rekke nynorsktalende nyheitsanker, programleiarar og journalistar og viser også til ein lang tradisjon for å oppfordre redaksjonelle medarbeidarar til å bruke dialekter og nynorsk i sendingane. TV 2 viser til at dette bidrar til målveksling og breidde i målformene som blir nytta på hovudkanalen TV 2 Direkte.

TV 2 har gitt fleire eksempel på både nyheitsanker og reporterar som har nytta nynorsk i 2023, blant andre Arill Riise, Morten Sandøy, Jon Bolstad, Daniel Gangeskar, Trine Svanholm Misje, Sonja Skeistrand Sunde, Kjetil Iden og Annemarta Giske. TV 2 viser til at fleire programleiarar i TV 2 har vunne språkprisar for bruk av både nynorsk og bokmål. I tillegg viser TV 2 til at dei tilsette står fritt til å skrive på bokmål eller nynorsk på tv2.no.

Konklusjon: Medietilsynet vurderer at TV 2 i 2024 oppfylte kravet om å nytte begge dei offisielle målformene.

2.7.6 Temabreidde

Kunngjeringa av avtalen om kommersiell allmennkringkasting stilte krav om å i det minste levere eit tilbod innanfor fem av ti oppgitte programkategoriar. Kvar av kategoriane hadde også eigne minimumskrav om omfang og hyppigheit. Reprisar kan ikkje reknast med, og det kan heller ikkje nyheitssendingar med base i den sentrale nyheitsredaksjonen, norskspråklege program for barn og unge eller førstegongsvisningar av norsk film og tv-drama.¹²

Dei ti kategoriane med minstekrav til omfang og hyppigheit er

1. «samfunns-/informasjonsprogram» – minst 26 timar årleg
2. «underhaldning» – minst 26 timar årleg
3. «sport» – minst 26 timar årleg
4. «program for den samiske befolkninga» – minst 26 timar årleg
5. «kunst, kultur og musikk» – minst 12 timar årleg
6. «religion, livssyn og livsfilosofi» – minst 12 timar årleg

¹² Vedlegg B til kunngjeringa av 27. april 2023.

7. «natur og vitenskap» – minst 12 timar årleg
8. «program for språklege eller etniske minoritetar» – minst 12 timar årleg
9. «dokumentarprogram» – minst 12 timar årleg
10. «undervisningsprogram» – minst 12 timar årleg

TV 2 har i 2024 valt å dekke dei fem kategoriane «samfunns-/informasjonsprogram», «natur og vitenskap», «underholdning», «sport» og «dokumentarprogram». For kategoriane «samfunns-/informasjonsprogram», «sport» og «underholdning» er kravet å sende minst 26 timar i løpet av eit kalenderår. For kategoriane «natur og vitenskap» og «dokumentarprogram» er kravet å sende minst 12 timar i løpet av eit kalenderår. Det går fram av kunngjeringa at søkaren står fritt til å velje når dei ulike programma skal visast i løpet av året.



God morgen Norge med frå venstre Wenche Andersen, Espen Fiveland, Desda Marie Beeder, Vår Staude, Peter Moi Bubresko og Christer Rødseth. Foto: Espen Solli / TV 2

I 2024 sende TV 2 til saman 421 timar samfunns- og informasjonsprogram. Dette er ein stor auka frå 2023, da timetalet var 45,1 timar. TV 2 forklarar i allmennkringkastarreknescapen at auken blant anna kom av at det daglege aktualitetsprogrammet *God morgen Norge* ikkje har vore inkludert i berekinga av program innanfor denne temakategorien før. På førespurnad frå Medietilsynet har TV 2 forklart at manglande metadata for programmet er ein del av årsaka til at programmet ikkje har vore inkludert tidlegare. Vidare har TV 2 gjort greie for at størstedelen av *God morgen Norge* er intervju med aktuelle gjester som spenner over ulike tema som helse og livsstil, politikk og samfunnsutvikling, økonomi, miljø og berekraft, utdanning, arbeidsliv og forbrukarstoff. Politikarar, økonomar og forskarar er dagleg med i sendingane for å utdjupe og forklare det som pregar nyheitsbildet, og det er ifølgje TV 2 faste underholdande element som matlaging, kultur og kjendisar. TV 2 fortel også at reporterar frå *God morgen Norge* reiser ut i landet for å spegle samfunnet og gi ei stemme til folk og område som sjeldan når fram i samfunnsdebatten. Medietilsynet følger vurderinga til TV 2 om at *God morgen Norge* er eit aktualitetsprogram med fleire element som kan

kategoriserast innanfor temakategorien samfunns- og informasjonsprogram. Samtidig er det nokre element som i større grad kan kategoriserast som underhaldning og kultur, som er to av dei andre temakategoriene som definerer dei alternative kategoriene i breiddekravet i kunngjeringa. Medietilsynet vurderer likevel at det ikkje er tvil om at det er tilstrekkeleg relevant innhald til at timekravet på minst 26 timar samfunns- og informasjonsprogram er klart oppfylt. TV 2 har i 2024 også sendt spesielle versjonar av *God morgon Norge* til jul og på 17. mai, høvesvis *God jul Norge* og *God 17. mai Norge*. Andre program som er sendt innanfor kategorien samfunn og informasjon i 2024, er *Åsted Norge*. TV 2 har dokumentert at ingen av dei medrekna programma er reprisar.

TV 2 sende i 2024 totalt 287,8 timar underhaldningsprogram. TV 2 har dokumentert at ingen av dei medrekna programma er reprisar. Timetalet innanfor denne kategorien gjekk noko ned i løpet av førre avtaleperiode, og talet på timar med underhaldning låg i 2023 rett i overkant av 240. Denne kategorien inneheldt program som for eksempel *Hver gang vi møtes*, *The Voice – Norges beste stemme*, *Farmen Kjendis*, *Kompani Lauritzen: Tropp 3*, *Jakten på kjærligheten*, *Love Island Norge*, *Sofa*, *Dyrepasserne*, *Spillet*, *Forræder*, *Vinnerschakke*, *Sommerhytta* og *Fjellhytta*.



Kompani Lauritzen: Tropp 3 er samla med oberst Dag Otto Lauritzen og major Kristian Ødegård i Bømoen leir på Voss. Foto: Matti Bernitz / TV 2

Innanfor kategorien sport¹³ sende TV 2 totalt 487,7 timar i 2024. Omfanget av sportsprogrammar har variert dei siste åra, noko som kom av både utsetjing av

¹³ Dei daglege sportssendingane er ikkje medrekna.

sportsarrangement under koronapandemien og ulik tilgang til sportsrettar. TV 2 sende i 2024 sport frå for eksempel VM i skiskyting, UEFA Champions League, Tour de France, Arctic Race og Handball-EM for kvinner.

TV 2 sende i 2024 til saman 48,1 timar med dokumentarar. Timetalet er litt lågare enn i 2023 og 2022 med 53 og 56 timar, og på same nivå som i 2021 og 2020 med 47 og 46 timar. Dokumentarane TV 2 sende i 2024, spenner over ulike tema. *Mina og meg med hele sirkuset* skildra ein barnefamilie på ein 70 dagers ekspedisjon i telt frå Maridalen til Finnmark.



I serien *Mina og meg med hele sirkuset* tar Mina, Lilje og Alexander med mamma Kristin og Rose (9 månader) med på ny ekspedisjon. Foto: TV 2

Dokumentarserien *Oslo fengsel* følgde tilsette og innsette i fengselet, mens serien *Vårt lille land – Under Guds øye* avdekte maktmisbruk og sosial kontroll i lukka religiøse miljø i Noreg. TV 2 sende også ein ny sesong av *Norge bak fasaden*, som blant anna avslørte kriminelle gjengangarar i byggebransjen som utnyttar utanlandsk arbeidskraft og driv med skatteunndraging. Andre tema som blei belyste i *Norge bak fasaden* i 2024, er den høge førekomsten av vald i nære relasjonar i Noreg og konsekvensane av ulovleg hundeval. Dokumentarserien følgde også Alex, som hadde ein drøym å bli gravid og føde sitt eige barn som transmann.

Innanfor kategorien natur og vitskap sende TV 2 totalt 14,7 timar i 2024. Omfanget er dobbelt så stort som i 2021, da timetalet var 7,3 timar. Programma innanfor natur og vitskap på TV 2 i 2024 er *Elephant: King of the Kalahari*, *Under the Sea*, *Inside My Brain* og *Cyborg Society*.

Det går fram av rapporteringa til TV 2 at programma som er sende innanfor alle dei fem kategoriane, er spreidde på alle dei tolv månadene i løpet av året. Unntaket er kategorien «natur og vitskap», der det ikkje blei sendt program i juli måned. Den nye avtalen stiller ikkje lenger krav om at programma enten skal sendast kvar veke eller månadleg. TV 2 står fritt til å velje når dei ulike programma visast i løpet av året.

Konklusjon: Medietilsynet vurderer at TV 2 i 2024 oppfylte kravet om at programtilbudet skal ha ei tematisk breidde på minst fem programkategoriar. TV 2 har valt å dekke dei fem kategoriane «samfunns-/informasjonsprogram», «sport», «dokumentarprogram», «underholdning» og «natur og vitskap». For alle dei fem kategoriane vurderer Medietilsynet at TV 2 har oppfylt krava til hyppigheit og omfang.

2.7.7 Sjangerbreidde

TV 2 viser til at hovudkanalen tilbyr eit breitt utval av programsjangrar innanfor alle kategoriane, og at TV 2 stadig utviklar nye konsept. Utgreiinga om tilbodet til TV 2 i 2024 viser breidda i tilbodet og korleis TV 2 arbeider med allmennkringkastingsprinsippa.

Breidde i sjangrar dreier seg om å ta i bruk eit breitt utval av typar innslag/program eller måtar å behandle og formidle tema på. Kravet inneber at TV 2 skal veksle mellom sjangrar både i programsamansettinga og innanfor den enkelte programkategorien. TV 2 gjer greie for ei breidde i samansettinga av programkonsept og sjangrar med blant anna nyheiter, dokumentarar, studiobaserte program, magasin- og reportasjeprogram, direktesendingar, drama, verkelegheits-tv og underholdning. TV 2 viser også at det er nytta ulike sjangrar som intervju, dramatisering, reportasjar, analysar og kommentarar innanfor dei ulike program- og temakategoriane.

Konklusjon: Medietilsynet vurderer at TV 2 i 2024 oppfylte kravet om at programtilbudet i hovudkanalen skal ha breidde i sjangrar, både når det gjeld samansettinga av programkategoriar og innanfor den enkelte programkategorien.

2.7.8 Krav til tilgjengelegheit og framheving av allmennkringkastingsinnhaldet

Avtalen om levering av kommersielle allmennkringkastingstjenester § 4-4 Krav til tilgjengelighet og framheving av allmennkringkastingsinnholdet

Allmennkringkastingsinnholdet som gjøres tilgjengelig i TV 2 Play iht. 3-2 (2) skal framheves i tjenesten. Framheving kan sikres på flere måter, for eksempel ved at allmennkringkastingsinnholdet er godt synlig for brukerne, mulighet for å søke etter allmennkringkastingsinnhold eller ved at slikt innhold synliggjøres ved hjelp av kategorisering eller bannere og liknende verktøy.

Det skal være praktisk og enkelt for brukere å få tilgang til TV 2 Play.

Jamfør vedtaket om tildeling av avtale om kommersiell allmennkringkasting til TV 2 AS punkt 4.2.4 Tilgjengelighet:

I henhold til Kunngjøringen pkt. 6.2 d) skal allmennkringkastingsinnholdet som gjøres tilgjengelig i den navngitte audiovisuelle bestillingstjenesten framheves i tjenesten. Det skal videre være praktisk og enkelt for brukere å få tilgang til TV 2 Play.

Eit nytt krav i avtalen som tok til å gjelde frå 1. januar 2024 er at TV 2 skal framheve allmennkringkastingsinnhaldet som blir gjort tilgjengeleg i TV 2 Play. Vidare er det eit krav om at det skal vere praktisk og enkelt for brukarar å få tilgang til TV 2 Play.

I søknaden viste TV 2 at strøymemarknaden er konkurranseutsett, og at norsk innhald truleg bidrar til å differensiere tilbodet i TV 2 Play frå andre strøymetenester. Samtidig peikte TV 2 på at både innhaldet og tenesta må opplevast som relevant og attraktiv for brukarane. I

søknaden gjorde TV 2 greie for at dei gjennom metodisk testing vil utforske korleis selskapet best kan løfte fram allmennkringkastarinnhaldet i TV 2 Play på ein måte som gjer det godt synleg. Utgreiinga til TV 2 er tatt inn i vedtaket punkt 4.2.4, der det også går fram at TV 2 Play er breitt tilgjengeleg både gjennom direktesal på internett og gjennom samarbeid med distributørane som gir brukaren tilgang som del av eit tv-abonnement. Vidare går det fram at TV 2 Play er svært enkelt tilgjengeleg for brukarar med oppdatert utstyr (tv-boks), og at det også er enkelt for brukarar med eldre utstyr, fordi TV 2 Play er tilgjengeleg som app på alle dei viktigaste teknologiske plattformene. Kultur- og likestillingsdepartementet har vurdert at krava i kunngjeriinga punkt 6.2 d) om framheving av allmennkringkastingsinnhaldet i strøymetenesta TV 2 Play og om at det skal vere praktisk og enkelt for brukarar å få tilgang til TV 2 Play, er oppfylte på grunnlag av utgreiinga frå TV 2 i søknaden.

I allmennkringkastarreknaskapen for 2024 gjer TV 2 greie for at allmennkringkastarinnhaldet blir framheva i TV 2 Play på fleire måtar. Innhaldet er ifølge TV 2 godt synleggjort gjennom kategorisering, nyheitssendingane er framheva høgt oppe på TV 2 Play-fronten, og norsk film og tv-drama blir framheva i samband med premierar. Vidare viser TV 2 til at TV 2 Play er tilgjengeleg for alle med normal breibandsdekning, i tillegg til at TV 2 Play var tilgjengeleg via alle dei store tv-distributørane i 2024. Les meir om tilgjengelegheita til strøymetenesta TV 2 Play i punkt 2.4 om krava til distribusjon av allmennkringkastingsinnhaldet.

Konklusjon: Medietilsynet vurderer at TV 2 i 2024 oppfylte krava om tilgjengelegheit og framheving av allmennkringkastingsinnhaldet i strøymetenesta TV 2 Play.



Storleiken på kompensasjonen til TV 2

2.8 Berekning av årleg kompensasjon og retningslinjer for rekneskapsmessig skilje

Avtalen om levering av kommersielle allmennkringkastingstjenester § 5-1 Kompensasjon

Departementet skal yte en årlig kompensasjon oppad begrenset til 150 millioner NOK. Kompensasjonen vil bli nedjustert dersom endringer i valutakursen innebærer at beløpet overstiger 15 millioner euro i snitt over hele avtaleperioden.

Kompensasjonen skal dekke leverandørens nettokostnader knyttet til oppdraget definert under § 3, og en rimelig fortjeneste.

Med *nettokostnader* menes differansen mellom leverandørens kostnader og inntekter knyttet til allmennkringkastingsoppdraget. Det vises for øvrig til Retningslinjer for regnskapsmessig skille.

Med *rimelig fortjeneste* menes 10 pst. driftsmargin (EBIT) på den virksomheten som omfattes av allmennkringkastingsoppdraget.

Det tas forbehold om at Stortinget ved de årlige budsjettvedtakene stiller det nødvendige beløpet til disposisjon.

Det er utarbeidet en modell for regnskapsmessig skille som skal sikre at den statlige kompensasjonen ikke brukes til å kryss-subsidiere virksomhet som faller utenfor oppdraget definert i § 3 i Avtalen om levering av kommersielle allmennkringkastingstjenester, jf. **§ 4-5 Krav til disponering av statens kompensasjon m.v. og 4.6 Krav til regnskap og rapportering.**

Nærmere krav til det regnskapsmessige skillet, herunder rapportering, er fastsatt i vedlegget Retningslinjer for regnskapsmessig skille i TV 2 av 30. november 2023.

I tråd med § 5-2 i avtalen utbetaler Medietilsynet kompensasjon til TV 2 på etterskott kvart kvartal gjennom året. Medietilsynet fastset storleiken på kompensasjonen og kan gjere vedtak om at ein eventuell overkompensasjon (det vil seie beløp som overstig den kompensasjonen som skal ytast for å dekke nettokostnadene til TV 2, inkludert ei rimeleg fortjeneste) skal bli tilbakebetalt eller avkorta ved neste utbetaling.

Kontrollen med at TV 2 berre får dekt nettokostnadene, og at det ikkje ligg føre overkompensasjon eller kryss-subsidiering, skjer på etterskott i det årlege allmennkringkastingstilsynet. Årsrekneskapen til TV 2 er ein viktig del av dokumentasjonen som skal gi grunnlag for å kontrollere om den totale kompensasjonen som TV 2 har fått utbetalt, er i samsvar med nettokostnadene TV 2 har hatt for å utføre allmennkringkastingsoppdraget.

Ettersom kompensasjonsmodellen er basert på at staten kompenserer nettokostnadene TV 2 har for å levere allmennkringkastingsoppdraget, inkludert ei rimeleg fortjeneste, kan storleiken på den endelege støtta bli bestemt av rekneskapsresultatet for allmennkringkastingsverksemda. Avtalen har derfor eigne retningslinjer for eit rekneskapsmessig skilje i TV 2 som skal sikre at verksemda utanfor allmennkringkastingsoppdraget ikkje blir kryss-subsidiert.

Eit rekneskapsmessig skilje betyr at det skal lagast delrekneskap for allmennkringkastingsoppdraget og for den andre verksemda til TV 2. Det skal også trekkast eit rekneskapsmessig skilje mellom TV 2 Nyheter og den andre verksemda til TV 2, fordi TV 2 Nyheter bruker produksjonar frå allmennkringkastingsoppdraget på nytt. TV 2 skal årleg

sette opp delrekneskapane når selskapet rapporterer til Medietilsynet. I tillegg skal TV 2 som ein del av det ordinære rekneskapssystemet sette opp ein rekneskap for nyheitsområdet samla («Nyheter samlet»), som deretter blir grunnlaget for å fordele inntekter og kostnader mellom allmennkringkastingsoppdraget og TV 2 Nyheter.

Dei fire hovudpostane i allmennkringkastingsoppdraget er

- 1) inntekter og kostnader ved eigenproduserte daglege riksdekkande nyheitsprogram med base i den sentrale nyheitsredaksjonen, det vil seie ordinære nyheitssendingar og sportsnyheter på hovudkanalen
- 2) inntekter og kostnader ved norskspråklege program for barn og unge på hovudkanalen
- 3) inntekter og kostnader ved førstegongsvisning av norsk film og tv-drama på hovudkanalen
- 4) meirkostnader knytte til lokaliseringskrav for hovudredaksjon og sentral nyheitsredaksjon for hovudkanalen.

Medietilsynet har i tråd med retningslinjene laga malar for korleis TV 2 skal rapportere om det rekneskapsmessige skiljet mellom allmennkringkastingsoppdraget og den andre verksemda dei har. Vidare har Medietilsynet fastsett avtalte kontrollhandlingar som revisoren til TV 2 skal bruke. I tilsynet med rapporteringa av det rekneskapsmessige skiljet mellom allmennkringkastingsverksemda og den andre verksemda i TV 2 har Medietilsynet henta inn fagleg bistand frå rådgivings- og revisjonsselskapet BDO. BDO har gått gjennom sjølve rapporteringsmodellen som TV 2 nyttar, kontrollert innrapporteringa til TV 2 opp mot dei fastsette retningslinjene for rekneskapsmessig skilje og gått gjennom kontrollhandlingane til revisoren.

2.8.1 Storleiken på kompensasjonen i 2024

For allmennkringkastingsverksemda i 2024 har TV 2 lagt fram årsrekneskap med eit resultat på netto meirkostnad på 133 millionar kroner inkludert 10 prosent driftsmargin. Netto meirkostnad er redusert med 83 millionar kroner samanlikna med 2023. I hovudsak er årsaka til endringane i netto meirkostnad at kostnadane knytte til allmennkringkastaroppdraget har gått ned, mens inntektene innanfor allmennkringkastarrekneskapen har halde seg stabile. Dette medfører at kompensasjonen for 2024 ligg under det maksimale støttetaket på 150 millionar kroner i avtalen.

Rekneskapsresultatet for TV 2 tilseier at staten skal yte kompensasjon på 133 millionar kroner for 2024 under føresetnad av at andre vilkår for allmennkringkastingsverksemda er oppfylte. Ettersom kompensasjonen blir utbetalt kvart kvartal og kontrollen skjer på etterskott, har TV 2 allereie fått utbetalt 150 millionar kroner i kompensasjon for 2024. På denne bakgrunnen skal kompensasjonen bli redusert enten gjennom eit vedtak om tilbakebetaling eller avkorting i framtidig utbetalt støtte. Medietilsynet legg opp til å avkorte beløpet med 17 millionar kroner i dei neste utbetalingane til TV 2 og vil ha nærmare dialog med TV 2 om dette.

Den eksterne revisoren til TV 2, PwC, har lagt fram ein rapport om resultatet av kontrollhandlingane for allmennkringkastingsrekneskapen for 2024. Kontrollhandlingane som revisoren skal bruke, er fastsette av Medietilsynet. Dei avtalte kontrollhandlingane skal sikre at dei rapporterte opplysningane i allmennkringkastarrekneskapen til TV 2 samsvarer med den underliggende allmennkringkastarmodellen og selskapsrekneskapen for verksemda. Rapporten stadfestar at revisoren har utført oppdraget sitt i samsvar med dei avtalte kontrollhandlingane. Det betyr at alle dei kontrollerte beløpsstorleikane samsvarer med årsrekneskapen og rekneskapssystemet til TV 2, og at alle dei kontrollerte opplysningane som blir nytta til å fordele inntekter og kostnader i allmennkringkastarrekneskapen, kan avstemmast mot opplysningar i underliggende data, rekneark og modellar utarbeidde av selskapet eller statistikkverktøya Instar og Kibana. Vidare betyr det at alle dei kontrollerte framgangsmåtane for fordeling er i tråd med avtalte fordelingsprinsipp og metodar som er beskrivne i retningslinjene for rekneskapsmessig skilje i TV 2. Revisoren stadfestar i rapporten sin at det ikkje er avdekt avvik i rapporteringa av rekneskapsresultatet av allmennkringkastingsverksemda frå 2024 frå TV 2 til Medietilsynet.

BDO har også vurdert modellen for kompensasjonen og samanlikna rekneskapen for 2024 med 2023. I den perioden er kostnadane i allmennkringkastarrekneskapen som er knytte til allmennkringkastaroppdraget, nyheiter og lokalisering reduserte med om lag 9 prosent, mens inntektene har halde seg stabile. Kostnadsreduksjonen i 2024 gjeld særleg norsk film og tv-drama. Samtidig heldt Nyhetskanalen marknadsposisjonen slik at ein større andel av inntektene blir fordelt til Nyhetskanalen og kjem allmennkringkastarrekneskapen til gode. Det gjer at inntektene innafor allmennkringkastarrekneskapen har halde seg stabile frå 2023 til 2024 trass negativ påverknad i dei samla marknadsinntektene.

Konklusjon: Medietilsynet vurderer at TV 2 har etterlevd retningslinjene for rekneskapsmessig skilje i 2024. Revisoren til TV 2 har utført oppdraget sitt i samsvar med dei avtalte kontrollhandlingane, og kontrollhandlingane har ikkje avdekt avvik. Rekneskapsresultatet tilseier dermed at TV 2 skal få kompensasjon på 133 millionar kroner for å ha levert allmennkringkastingsoppdraget for 2024. Etersom full kompensasjon på 150 millionar kroner allereie er utbetalt for 2024, blir den overskytande kompensasjonen enten tilbakebetalt eller avkorta. Medietilsynet vil avkorte den overskytande kompensasjonen i den neste utbetalinga til TV 2 hausten 2025.

Bildekreditering:

Forsidebilde: Pinakkel Studio / Vegard Breie

Allmennkringkastingsoppdraget til TV 2: Jan-Petter Dahl / TV 2 (side 3)

Vurdering av programverksemda til TV 2: Anton Soggiu / TV 2 (side 8)

TV 2s program for barn og unge: TV 2 (side 12)

Norsk film og drama på TV 2: TV 2 (side 15)

Distribusjon av allmennkringkastingsinnholdet på TV 2: TV 2 (side 18)

Ansvarleg redaktør og lokalisering av redaksjonell verksemd i TV 2: Haakon Lundkvist (side 20)

Innhaldskrav til TV 2s hovudkanal: TV 2 (side 36)

Storleiken på kompensasjonen til TV 2: Thomas Andersen / TV 2 (side 48)

Baksidebilde: Espen Solli / TV 2



Medietilsynet

Nygata 4, 1607 Fredrikstad

post@medietilsynet.no

facebook.com/medietilsynet

instagram.com/medietilsynet

linkedin.com/medietilsynet

ISBN: 978-82-8428-047-9